Eit før og etter i norsk teater?

Regissøren av *Ei rosin i sola* er sikker.

SIDE 28

Heksene er sleppte laus

Witch Club Satan aktuelle på Hovudscenen.

SIDE 34

Kjærleiken i tonar

Emilie Nicolas skal lydleggje *Ein midtsommarnattsdraum*.

SIDE 46

DET NORSKE TEATRET

REPERTOAR

Framsyningar, premierar og program | Haust 2026 – vår 2027



Bli med på festen!

Sara Khorami inviterer til Kit Kat Klub i *Cabaret*. Møt nokre av kunstnarane i framsyninga.

SIDE 10

Innhald

Haust og vinter
2026–2027



04 ***– Eg kan skjønne at han blir heilt obsessed av dei søstrene***
Nader Khademi spelar Jonas, forteljaren i *Søstrene*, som har overlappande trekk med forfattaren og Nader sjølv.

07 **Ein travel nykommar**
Elpida Stojcevska har blitt ein snakkis etter hovudrolla som legen Petra i NRK-serien *LIS*. I haust er ho teaterdebutant i *Søstrene* på Hovudscenen.

08 **Om ein venn treng deg, må du steppe opp, ass!**
Møt skodespelar Hibba Najeeb.

10 ***– Tenk at draumar framleis kan bli verkelege!***
Den anerkjente dansaren og koreografen Silas Henriksen opplever guttedraumen i arbeidet med *Cabaret*.

16 **Livet og musikalen**
I arbeidet med rolla som Cliff Bradshaw i *Cabaret* oppdaga Emil Johnsen fleire eigne erfaringar som likna både positivt og faretrugande på fiksjonen.

23 **Husjomfru**
Teatret Vårt gjestar Scene 2 med dramatiseringa av Edvard Hoems roman om ei kvinne som levde midt i skiftet mellom gamle og nye tider, då eit kvinneliv lett kunne forsvinne i stilla.

24 **Kva om alle Gutta kom til makta?**
Det spørsmålet stiller regissør og teaterskapar Even Torgan i framsyninga «*Gutta*» som spelar på Scene 2 i haust.

26 **Nok ein Almaas i rampelyset**
Aksel Almaas er ensemblets ferskaste skodespelar.

28 **Josette Bushell Mingo**
Det er eit før og eit etter på teater som set opp *Ei rosin i sola*, seier den engasjerte og anerkjente regissøren. Ho vil ryste det norske publikummet med den amerkanske klassikaren som endeleg får noregspremiere.

32 **Ung, gåverik og svart**
Lorraine Hansberry levde berre i 34 år. Det var nok til å forandre teateret for alltid.

34 **Positiv aggresjon**
Witch Club Satan er blitt ein internasjonal snakkis i musikkmiljøet. Det er ei storhending at dei no skal vere med i framsyninga *Dommedaggry* på Hovudscenen.

38 **Inn i eventyrskogen**
Kjersti Tveterås er aktuell som Puck i *Ein midtsommarnattsdraum*. Ho gler seg til å spele på nynorsk.

40 **Magiske skapnader i Shakespeares kjærleikskomedie**
Kostymedesignar Nia Damerell har boltra seg når ho har arbeidd med vårens oppsetjing av *Ein midtsommarnattsdraum*.

44 ***– Nokre gonger blir du forelska sånn BOOM!***
Du har kanskje sett han i *Pørni*, *Nepobaby* eller *LIS*? For tida står Deniz Kaya på scenen på Det Norske Teatret.

46 **Who's gonna love you,**
If I don't. Emilie Nicolas skal endeleg komponere for teaterscenen. Og legge lyd på kjærleiksforviklingane i Shakespeares *Ein midtsommarnattsdraum*.

48 **Feil Teater**
Toppar ambisjonsnivået med overtakinga av Scene 3. Barneteater gjennom heile sesongen på teaterets minste blackbox.

50 **Vestavind**
Thea Vaulen om Arne Lygre, skodespelarlivet og Vestlandet.

52 **Om korfor Fraulein Schneider har rosa hår**
Gjertrud Jynge om familiære tilfeldigheiter, tysk teaterhistorie og ein honnør til teaterlegenda Lotte Lenya i *Cabaret*.

Ansvarleg utgjevar Det Norske Teatret, Kjersti Horn **Redaktør** Ida Michaelsen
Redaksjonen Åsne Dahl Torp og Erlend Tårnesvik Dreiås **Forsidefoto** Pernille Sandberg
Design SOE Design, Sigurd-Ola Eriksen **Trykk** Panzerprint

Leiar

KVA VILLE DU GJORT?

Cabaret rullar over Hovudscenen denne sesongen. Vi blir tatt med til det dekadente og fordomsfrie Berlin i mellomkrigstida og til Kit Kat Klub der festen er på sitt vakraste. Men under den glitrande overflata lurar fattigdom, naud og desperasjon. Samstundes knakkar den politiske verkelegheita på døra. Utanfor samlast folk kring den sterke leiaren og sakte blir det frie livet strupt. Kva ville du gjort, syng Fräulein Schneider som leiger ut rom i leilegheita si for å overleve. Ho har levd lenge og overlevd mykje. Det handlar om å klare seg sjølv, om dei politiske vindane blæs i den eine eller den andre retninga. Ho er gammal, åleine, lei av uro og har resignert. Når likesæle blir ei aktiv handling sluttar vi å bry oss.

I haust oppfordrar repertoaret i aller høgste grad til å ta stilling. Frå *Søstrene* som fortel om utanforskap og *Dommedaggry* som bringar litt håp, til *«Gutta»* som med enkle løysingar søker makt og *Ei rosin i sola* der samfunnsstrukturane held folk nede. Både klassikarane, det nyskrivne dramaet og det dramatiserte litterære verket peikar i ei retning – vi må aldri slutte å bry oss. Og vi må aldri miste håpet. Derfor har eg vald å setje saman eit repertoar som pirkar i oss alle i haust. Til våren kjem lyset, håpet – og kjærleiken.



Kjersti Horn, *teatersjef*

> ***«Vi må aldri miste håpet. Derfor har eg vald å setje saman eit repertoar som pirkar i oss alle i haust. Til våren kjem lyset, håpet – og kjærleiken.»***

Nader Khademi er forteljaren Jonas i *Søstrene* etter ein roman av Jonas Hassen Khemiri. Her er han omgitt av søstrene Anastasia (Hibba Najeeb), Evelyn (Natalie Bjerke Roland) og Ina (Elpida Stojcevska).

– Eg kan skjønne at han blir heilt obsessed av dei søstrene

Nader Khademi snakkar om Jonas, hovudpersonen og forteljaren i *Søstrene*, som opna Hovudscenen på Det Norske Teatret i haust.

Tekst: *Ida Michaelsen* **Foto:** *Eirik Malmo*

I Jonas Hassen Khemiri sin suksessroman frå 2025 møter vi altså Jonas, som har same namn som forfattaren, same opphav, bustad, eigenskapar – ja – det er vel ikkje heilt enkelt å skilje fiksjon frå realitet. At det er mange overlappande trekk med forfattaren, er sikkert. Også mellom Nader og Jonas.

- Han graviterer mot dei tre søstrene som flyttar inn i lokalmiljøet med ein styrke som er forståeleg. Jonas kjenner sterkt på ei tilhøyrsle, eit fellesskap og noko som liknar han sjølv i dei tre jentene. Dei har, i likskap med han, bakgrunn frå Tunisia. Det er jo gjerne slik vi menneske er, at vi blir dratt mot det som resonnerer i oss sjølve. Eg har også slike trekk. Særleg om eg støyter på folk som har karakteristikkar som eg har kjent meg åleine om å ha.


Ei oppvekstskildring

I *Søstrene* møter vi Ina, Evelyn og Anastasia som plutseleg dukkar opp i kvardagen til Jonas. Publikum følgjer desse fire frå dei er ungar, gjennom ungdomstida og fram til i dag. Vi startar i 1980-åra. Det er referansar til historiske hendingar, millenniumsfesten og koronapandemien. Det er kjærleiksaffærar, familietrøbbel, lojalitet og identitetssøking. Og det går føre seg både i Stockholm, Tunisia, Tyskland og New York. Ein rik roman med store tidssprang og geografiske avstandar. Som no altså har blitt teater i ei langt meir fortetta form.

- Det er ei oppvekstskildring med eit frodig persongalleri. Eg trur forfattaren, eller kanskje det berre er forteljaren Jonas, har tillagt karakterane spor av sine eigne tankar, kjensler og erfaringar. Kanskje dei tre søstrene eigentleg berre er tre delar av han sjølv. Og at Evelyn er den av søstrene som set mest presist ord på dei tankane han ber på. Det er kanskje derfor han er mest fiksert på henne. Det er jo ei form for søking etter identitet som gjennomsyrer heile forteljinga. Men som blir fortald i ei dialogdriven, kjapp og nokså gatesmart form.

Velkjent fjes

Nader Khademi er eit velkjent fjes for dei fleste nordmenn. Han har vore ein etterspurd skodespelar etter at han gjekk ut frå skodespelarlinja på »



Søstrene

AV
JONAS HASSEN KHEMIRI

REGISSØR
MAREN BJØRSETH

NOREGSPREMIERE
5. SEPTEMBER 2026



Einar Førde (Nader Khademi) fekk innvandrarbakgrunn og snakka austlandsk i *Makta*. Dette var eitt av fleire kontroversielle grep som blei diskutert i samband med snakkis-serien. Kathrine Thorborg Johansen spelte Gro Harlem Brundtland.

FOTO: NRK/MOTLYS.



Nader Khademi med Gard Skagestad som Hyenen på scenen i *Søstrene*.

FOTO: LARS OPSTAD

Kunsthøgskolen i Oslo i 2011. Det er kanskje særleg på TV-skjermen han har blitt lagt merke til. I *Jordbrukerne* var han glitrande som Marwan, ein av fleire menn som flytta til idylliske Telemark for drive lyssky verksemd under dekke av å drifte ein gard. Men det var som Einar Førde i den kritikarroste serien *Makta* at merksemda tok av. Energien, særtrekka og tonen i karakteren blei løfta fram. Men mange i heimtraktene var også skaka over at Førde ikkje snakka nynorsk, han som var målmann på sin hals. Nader Khademi er fast tilsett på Nationaltheatret. At han skulle kome til å gjere ei rolle på nynorsk, var det ikkje berre han som tvilte på.

- Vi innvandrarar får jo valet om å ta sidemål på skolen. Da seier jo ein skolelei ungdom at da tar jeg heller og venter på dere der ute. Og så vel eg sjølvsagt det einaste yrket i verda som treng nynorsk!

Oddsa for at han einaste som venta på utsida også skulle bli den einaste i vennefloken som skulle få bruk for den undervisinga var med andre ord høge. Og noko Nader kan le høgt av i dag.

- Ingen av dei andre har vore i nærleiken av EG og IKKJE. Men eg som sat på huskene utanfor klasserommet, eg skal få bruk for det.

Freistande

Grunnen til at han takka ja til rolla låg heller ikkje i det språklege. Men sjansen til å få jobbe med regissør Maren Bjørseth og dei andre som er knytt til produksjonen var for freistande.



Siste sjekk på myggstasjonen før han går på nok ei framsyning av *Søstrene*, som har trekt eit stort publikum gjennom heile hausten. FOTO: OLE HERMAN ANDERSEN

- Maren Bjørseth har utruleg god smak, det gjer meg trygg. Det er herleg å jobbe med folk som du stoler på har god smak. Da kan eg fokusere utelukkande på mitt eige. Så er ho genial på sitt felt. Ho er lite stressa og har god oversikt.

Sjølv må Nader konsentrere seg om å få Jonas-karakteren under huda, få ei stor og ikkje-kronologisk historie over scenekanten og halde tunga beint i munnen når han skal styre framdrifta i forteljinga om dei tre ulike søstrene.

- No må eg berre gå all in. Det er generelt heilt fantastisk å vere her på Det Norske Teatret. Eg er stor beundrar av Kjersti Horn, så det var berre heilt umogleg å takke nei til dette tilbodet. Som eg rett nok aldri hadde sett for meg, seier Nader Khademi med ein latter. Og tenker kanskje på den manglande nynorskundervisninga på skolen.

Ein travel nykommar

Den ferske skodespelaren Elpida Stojcevska har blitt ein snakkis etter hovudrolla som den nyutdanna legen Petra i NRK-serien *LIS*. Teaterdebuten kom i sesongopninga på Hovudscenen på Det Norske Teatret.

Tekst: *Ida Michaelsen*
Foto: *Ole Herman Andersen*



Ho har gått rett inn i dei store rollene i år. Først i serien LIS på NRK, så til Hovudscenen på Det Norske Teatret. Elpida Stojcevska spelar rolla som den eldste søstera Ina i Khemiris Søstrene.

Der spelar ho rolla som den eldste søstera, Ina, når Jonas Hassen Khemiris suksessroman *Søstrene* blir dramatisert for scenen. Forfattaren skriv upretensiøst om utanforskap blant svenske innvandrarar og barna deira, om livet, familieforhold, vennskap, kvardagar og fest.

Vi møter Jonas som, i likskap med forfattaren, veks opp i ein drabantby utanfor Stockholm. Far er tunisisk, mor er svensk. Til nabolaget flytter dei tre søstrene Ina, Anastasia og Evelyn. Også dei med røter i Tunisia. Ina er ikkje berre den mest organiserte i søskentrioen, ho er den som tar mest ansvar, studerer, skaffar seg kjærast og etter kvart familie. Dei to yngre søstrene slit meir med å finne sin plass i vaksenverda. Alle tre har eit komplekst forhold til mor si og til framtida. Dei lever med ei forbanning over seg, ifølgje mora, nemleg at alt dei elskar, skal bli tatt frå dei.

Veldig på tilbodssida

– Ina tar mykje ansvar, ho er eit ordentleg menneske. Eg kjenner meg igjen i rolla som storesøster. Eg ER jo det. Det er ein replikk i manus som trefte meg særleg, som går ut på at det ligg ei særskild glede i stemma til storesøster når ho kan hjelpe dei yngre. Den kjenner eg! Når søster mi ringer meg og spør, så er eg veldig på tilbodssida, hahaha! Eg fiksar det, berre kom med det!

Elpida Stojcevska kjenner litt på nervane i ein debutsesong som har gitt ho store oppgåver. Bærumsjenta med anar frå Makedonia starta tidleg med teater, og har halde på med barneteater og seinare scenekunst og kortfilmar gjennom heile livet. Eit kreativt familiemiljø gjorde at yrkesvalet ikkje var så skummelt. Begge foreldra jobbar i filmindustrien og kusina er den Berlin-baserte regissøren Angelina Stojcevska, som også har sett avtrykk i den heimlege scenekunsten.

> *«Eg kjenner meg veldig fersk når eg kjem hit.»*

– Men eg kjenner meg veldig fersk når eg kjem hit, seier ho med ein latter.

For publikummet kan ho likevel verke som ei dei har følgt ei stund. Serien *LIS* frå sjukehuset Innlandet har treft mange, ikkje minst dei som sjølv arbeider i helsevesenet.

– Ja, kanskje spesielt dei. Det var så viktig for oss at det skulle vere truverdig og at vi representerer helsepersonell og det dei står i på ein ordentleg måte. Den unge skodespelaren gjorde grundig førearbeid til rolla som legen Petra. Til rolla som storesøster i haustens teaterdebut har ho noko meir erfaring å ta med inn i arbeidskvardagen.

– Ina har litt av meg, ingen tvil. Ho er ei storesøster med ein plan. Det likar eg å tenke at eg også er, avsluttar Elpida Stojcevska.



– Om ein venn treng deg, må du steppe opp, ass!

– Eg har ADHD, og var kronisk merksemdsjuk som barn, seier Hibba Najeeb, og ler.

Tekst: *Åsne Dahl Torp* **Foto:** *Ole Herman Andersen*

Skravla går ustanseleg på spørsmål om korleis vegen inn i teateret blei til. Ho var ikkje meir enn fire år da familien tok turen til Det Norske Teatret første gong i år 2000. Tankane gjekk i hundre også den gongen.

– Kvifor ser Mowgli sånn ut? Kvifor er han ikkje brun? Var dette Baloo? Kvifor var han eit menneske? Kvifor var alle apekattane så ekle og kvitmåla i fjeset?

Ho ville berre vekk.

No er ho likevel tilbake, og er stolt av sjølv å stå på scenen og sjå ut som ho gjer.

– Den staden som ga meg mitt største teatertraume som barn, har no blitt arbeidsplassen eg gler meg til å komme til kvar dag. Det er eit 'full circle'-moment, og litt artig å tenkje på, seier Hibba og smiler.

For tida er ho ei av søstrene i *Søstrene* og på nyåret spelar ho i det nye Arne Lygre-stykket *Lengt*.

Urealistisk å bli skodespelar

Mor og far til Hibba kom frå Pakistan til Noreg på 70– og 90–talet. Da dei fann ut at dei skulle bli foreldrer, gjekk faren på biblioteket for å lese seg opp på korleis ein oppdrar barn i vestlege land. Ifølgje Hibba er han eit skikkeleg friluftsmenneske, og tok med barna på aketur sjølv om det var altfor lite snø og akebrettet skrapa mot bakken.

Familien flytta mykje rundt i Oslo og omlandet gjennom heile oppveksten, så Hibba måtte stadig få nye venner, lærte seg ulike sosiolektar og blei gatesmart. Men familien var også viktig. For det meste budde ho med faren, to søsken – og katten Albert. Fritida gjekk med til fotball, svømming og kampsport.

– Eg er muslim, og det er eg stolt av. Eg gjer mitt beste heile tida for å bli eit betre medmenneske, noko som er ein stor del av religionen min.

Men det var ikkje kulturelle eller religiøse grunnar til at faren fråråddе henne å følgje barndomsdraumen om å drive med skodespel.

– Far min sa: Ja, det må du gjerne gjere, men kor realistisk yrkesveg er det eigentleg for eit menneske som deg i Noreg? Og det hadde han jo rett i, tenkte eg.

Turbulente år

Barndomsdraumen om film og teater blei liggande på hylla til etter nokre år som student ved universitetet. Desse åra blei også prega av ein til tider turbulent livsstil.

– Anastasia er absolutt ein liten del av mitt liv, seier Hibba, og refererer til den yngste søstera som ho spelar i *Søstrene*. Ho gjer mange dårlege val og er langt inne i eit liv med dop før ho kjem seg ut. Det er noko Hibba kjenner seg igjen i.

– Eg har hatt det tøft, ja. Men heldigvis hadde eg venner. Dei sa: No er du på ein måte som... Dette er ikkje så veldig hibbaete å gjere.

Ho tek ein uvant pause.

– Hadde ikkje kollektivet mitt sagt ifrå så hadde eg kanskje enda opp på ein veg som ikkje var så veldig bra.

Medan ho studerte og levde hardt, skjedde det også andre ting. Ein dag kom ho over ein Instagram–annonse der NRK søkte etter nettopp «slike som henne» – jenter med pakistansk eller indisk utsjånad.

«I didn´t know shit om teater på den tida!»

Wow! Dette er jo meg, tenkte Hibba. Ho gjekk på audition og landa ei av dei store rollene i TV-serien *Skitten snø*. Draumen frå barndomen blei tent igjen.

Viktige val

Takka vere familie og venner kom unge Hibba seg heldigvis både ut av den tunge tida og gjennom studia, og stod ved eit vegskilje. Skulle ho ta seg ein vanleg jobb, eller gjere det ho faktisk hadde lyst til? Ho tok sjansen, og søkte teaterutdanninga Nordic Black Express.

– Dei beste åra av heile mitt liv! utbryt skodespelaren, og blir varm i stemma når ho snakkar om den gamle skolen sin.

– Der blir du akseptert som det mennesket du er uansett utgangspunkt. Du må berre ha gneisten i deg, forklarar ho.

Nesten ingen av studentane der har drive med teater frå før – men har så mange andre interessante kvalitetar å bidra med, fortel Hibba.

– I didn´t know shit om teater på den tida! Eg visste ikkje korleis Arne Lygre såg ut eingong før eg googla han, seier ho og latteren rungar igjen.

Klassekameratane derifrå er framleis hennar beste venner og har blitt som ein familie for henne.

Venner og familie

Nettopp desse forholda i eit liv er det dramatikar Arne Lygre gjerne syslar med i teaterstykka sine; relasjonar som både er i familien, men også i den store vennefamilien. For Hibba flyt familie og venner nesten i kvarandre. Ho omtalar vennene som sin valde familie, og Hibba er ein ekstrovert og sosial person som lett kjem i kontakt med nye folk.

– Andre menneske og relasjonar er ekstremt viktig for meg. Ikkje minst familie, vennene som har vore der og blitt der, men også dei som er meir flyktige.

Viktigheita av å stille opp

I *Lengt* må ho stille opp for ei venninne som har stått i ein tung periode, som ho har mista kontakten med. Å vite at nokon treng deg, kan krevje mykje av deg.

– Det er ikkje alle som kan snakke med venner om det som er tungt og vanskeleg. Det krev jo litt av eit menneske å konfrontere og bli konfrontert. Eg har vore veldig heldig med folka rundt meg som har tatt tak i det når ting har oppstått, seier ho etter å ha tenkt litt på korleis ho hadde reagert på ein slik situasjon.

– Jo, eg hadde gjort mitt beste for å støtte ein gammal venn i en vanskeleg situasjon. Det er ikkje alltid så lett å sjå kva du treng sjølv, når du står i noko utfordrande. Derfor er det er viktig å passe på dei du er glad i. I alle fall gi det du kan. Det er aldri godt å sjå nokon du er glad i ha det vondt. Nei, om ein venn treng deg, må du steppe opp, ass!, konstaterer ho litt strengt.

– Tenk at draumar framleis kan bli verkelege!

Silas Henriksen er tydeleg begeistra for utfordringa han er gitt i haust. No står eit stort ensemble klart til å ønske publikum willkommen til *Cabaret*.

Tekst: *Ida Michaelsen*
Foto: *Ole Herman Andersen*

Den internasjonalt anerkjente dansaren som har vekt oppsikt både i samtidssjangeren og i det klassiske ballettmiljøet Europa rundt, er koreograf for framsyninga. Heilt sidan barndommen har han hatt ein draum om å vere del av ein musikalproduksjon.

– Eg elskar musikalar. Særleg i det landskapet som *Cabaret* er i. At eg skulle få sjansen til å vere med å skape eit slikt verk, ved ein av dei største scenekunstinstitusjonane i landet, med så mange solide krefter rundt meg, fyller meg med alt frå »



Cabaret

MANUS AV
JOE MASTEROFF

MUSIKK AV
JOHN KANDER

SONGTEKSTAR AV
FRED EBB

REGISSØR
KJERSTI HORN

PREMIERE
17. OKTOBER 2026



Vi skal til Berlin i ei tid der også tenester av seksuell karakter var tilgjengelege.

ærefrykt til ansvarskjensle, glede og arbeidslyst.

Silas Henriksen blei alt som gutunge omtalt som eit «komplett ballettalent». Det førte arendalitten til Kunsthøgskolen i Oslo og vidare inn i Nasjonalballetten. Det gjekk ikkje lang tid før han blei oppdaga av koreografane Sol Leon og Paul Lightfoot og fekk plass i eit av verdas leiande kompani, Nederlands Dans Theater. Her utmerkte han seg gjennom fem sesongar, innan han returnerte til Nasjonalballetten, der han seinare blei utnemnd til solist.

– Eg har jo vore særs opptatt av den klassiske balletten og den kontemporære dansen, men inst inne har eg alltid hatt eit hårete ønske om musikalen. Eg har hatt tankar som når eg pensjonerer meg, da kan eg kanskje...

Mykje dans

Men før den tid skal han forme og komponere rørslene i dei kroppane som utgjer ensemblet i *Cabaret*. Regien er ved Kjersti Horn og for Silas Henriksen kom det som ei overrasking da han blei spurd.

– Dei få gongane vi trefte kvarandre snakka vi om at det hadde vore gøy å gjere noko i lag.

Men da førespurnaden kom måtte han spørje fleire gongar om ho var sikker.

– Eg har aldri gjort eit slikt stort verk før. Og aldri i denne sjangeren. Bestillinga var at ho ville ha mykje dans, at historia også blir fortald gjennom dans, og det skal eg sanneleg sørgje for.

Ironisk nok stod han bokstaveleg talt i Berlins undergrunn da han takka ja til oppgåva. I *Cabaret* skal vi nettopp til den tyske hovudstaden. Til mellomkrigstida og dei såkalla Goldene Zwanziger, da byen både var symbolet på ei verd som heldt på å gå i oppløysning, og ein feira storby med internasjonal tiltrekkingskraft. Og vi skal til Kit Kat Klub – staden der du kan vere den du ønskjer.

«Berre å ha audition var ei storhending. Det var i overkant av 400 søkjarar, blant desse blei 30 inviterte til audition.»

Handplukka

Silas Henriksen er i gang med utforskinga av korleis kroppar kan uttrykke ein undergrunnskultur, ei tid og ein metropol som er pulserande, og samstundes nervøs, i oppbrot og uroleg.

– Berre å ha audition var ei storhending. Det var i overkant av 400 søkjarar, blant desse blei 30 inviterte til audition. Det krev ekstremt mykje førebuing. Og det krev at eg veit kva eg treng.

Dei ti som stod igjen etter auditionen er med andre ord handplukka og utfyller kvarandre godt.

– Eg ser etter eigenart. Ein kropp ber på mykje informasjon. Sjølv om vi har ulike kroppar og ulike uttrykksformer, så er det veldig mykje som er likt. For meg handlar arbeidet meir og meir om den undertrykte kroppen. Kva skjer når nokon får mykje makt, »


1


2



3


4

1. Ti ulike dansarar som alle yter maks under Silas Henriksen sin koreografi. **2.** Liberal tidsånd **3.** Det dekadente Berlin der også kjønnsroller var i flyt. **4.** Preben Hodneland som Emcee ønsker publikum velkommen til Kit Kat Klub. **5.** Silas Henriksen tar utgangspunkt i den undertrykte kroppen og undersøker korleis makt og umyndiggjering manifesterer seg i kroppane våre. **6.** Sjølv tida er koreografert. **7.** Det går for seg i musikalens nattklubb. **8.** Stemninga snur gradvis ettersom nazistane festar grep.

ALLE FOTO: FIN SERCK-HANSSEN


5


6


7


8



Silas Henriksen blei overraska og glad for å bli hyra som koreograf til *Cabaret*. Der skal han ta publikum med til mellomkrigstidas undergrunnsscene i metropolen Berlin. FOTO: OLE HERMAN ANDERSEN

andre får lite makt. Eg vil at alt skal manifestere seg i kroppane. Så heller enn å jobbe med bilde og emosjonar og tema, vil eg at dei skal finne noko ekte i kroppane sine først.

Aktuell

For på dei talrike varietéane, kabaretane og revyane som gjorde Berlin så attraktiv i mellomkrigstida blei ei ny og frigjort kroppsforståing hylla. Samfunnet var prega av store kontrastar. I *Cabaret* møter vi Sally Bowles og andre artistar som markerer ei blendande motvekt til det borgarlege og snerpete i den wilhelminske epoken.

– Musikalen er dessverre også aktuell. Det er superviktig at denne historia blir fortald no. Da som no var det ei tid prega av store endringar. Perioden er gått inn i historia som både nyskapande og glamorøs, men også kaotisk og skremmande.

Silas Henriksen ser visse parallellar til vår eiga tid. Men der folka på Kit Kat Klubb søkte saman for å sleppe unna ei verkelegheit som på utsida var prega av harde politiske motsetningar og ein tydeleg framvekst av ekstremisme, søker han tilflukt i arbeidet og i scenemørkeret.

– Eg gløymer alt om mitt eige liv når eg held på i studio. Det er jo ei slags verkelegheitsflukt det også, på sitt aller mest intense.

> *«Vi skal sjølvsagt også koreografere showstopparar, men gjerne slike som lar publikum sitte igjen med undring. Kva skjedde eigentleg der?»*

Og i studio bryner han seg på korleis skape desse kontrastane slik at publikum kan få auge på dei ulike laga i forteljinga.

– Eg søkjer etter kombinasjonen av det ville og det som er dressert. Vi skal sjølvsagt også koreografere showstopparar, men gjerne slike som lar publikum sitte igjen med undring. Kva skjedde eigentleg der? Målet er å skape det tvitydige i nummera. Men det kjem også til å bli klisjear og storslegne dansenummer.

Nyte augeblinken

Silas Henriksen har mange dansetrinn å halde oversikta over. Det er mange menneske involvert og ein stor hovudscene der alt skal flyte tilsynelatande tilfeldig og uanstrengt. Han understrekar at sjølv om mykje blir improvisert fram, er det viktig å få notert ned alt på papiret kvar dag. Maskineriet går og plutseleg er det 17. oktober og premiere.

– Eg får ikkje livet mitt tilbake før etter premieren, seier Silas Henriksen med ein latter.

– Eg går all in, eg har ikkje noko anna alternativ. Men eg prøver å seie til meg sjølv at eg også må nyte augeblinken, seier den erfarne dansaren i møtet med barndomsdraumen.

VÅRENS FEELGOOD-MUSIKAL

PREMIERE 5. MARS 2027 PÅ HOVUDSCENEN



Livet og musikalen

Når Emil Johnsen debuterer på musikalscenen i *Cabaret* er det i ei historie som ligg farleg nær hans eiga. Som skeiv familiefar med jødisk bakgrunn kjenner han både gleda over å kunne leve fritt, men også redsla over kor fort ting kan snu. Til det utenkjelege.

Tekst: *Ida Michaelsen* **Foto:** *Ole Herman Andersen/privat*



Det er to ting som gjer det ekstra nært å spele i *Cabaret*. Det er den skeive tematikken som eg lever i og med sjølv, og at eg har jødisk familie som blei drepen under Holocaust. Dette kjennest plutseleg nært no når eg har dykka inn i materialet, seier Emil Johnsen.

Dei gylne tjueåra blir mellomkrigstida i Berlin kalla. Byen vaks. Menneske flytta hit frå heile Europa for å ta del i nye idear og impulsar. Berlin blei snart ein verdsmetropol for handel, politikk, kunst og kultur. 1929 står som eit lysande år for tysk kultur. Thomas Mann får Nobelprisen i litteratur, filmproduksjonen i Berlin

»





Familien Löb kring 1907. Oldeforeldra Agnes og Walter til Emil Johnsen med barna (f.v.) Gertrud, Dora og Ilse. På skuldra til oldefaren sit vesle Eva, mormor til Emil.

«...eg har jødisk familie som blei drepen under Holocaust.»

Emil Johnsen

er større enn i resten av Europa til saman, Alfred Döblin gir ut Berlin Alexanderplatz der byen sjølv er å rekne som ein hovudkarakter.

Og det er dette året britiske Christopher Isherwood kjem til byen på jakt etter historier og gutar. Cabaret bygger på boka Isherwood skreiv om opplevingane i den tyske hovudstaden. Og Emil Johnsen er klar på at det er biografiske trekk i karakteren han skal spele.

– Rolla mi, Cliff Bradshaw, er på ein måte forfattaren sitt alter ego, eller eg-person, som musikalen bygger på. Han kom til Berlin, som han skriv i sjølvbiografien sin, «because of the boys». Han kom for å vere fri og for å leve ut seksualiteten sin. Det er jo forlokkande.



Familien var tysk, og budde i dette huset i Bonn, der dei fire døtrene vaks opp.

Ei ikkje heilt sannferdig kjærleikshistorie

For Emil Johnsen har møtet med musikalsjangeren vore spennande. Dramatikken som ligg til grunn er annleis enn i Shakespeare, Ibsen eller Edouard Louis for den del, som han har arbeidd tett med. I musikalen skal forteljinga skje kjapt, scenane svingar fort og fordi Emil kjente at han trong meir handfast underlag, gjekk han til kjeldene.

– Kvar kjem desse ideane bak stykket frå, kor oppstår denne musikalen? Eg måtte setje meg inn i forfattarskapen hans, og hadde lyst til å bli betre kjent med personen som er grunnlaget for karakteren min. I sommar har eg lese alle bøkene hans, det har vore til stor hjelp for meg, for å ha ein inngang til rolla.

Emil Johnsen er sjølv skeiv. Han lever i eit homofilt ekteskap, har to barn med eit lesbisk vennepar, men utover det lever han eit vanleg familieliv.




Utanfor adressa ligg i dag desse to snublesteinane til minne om dei to grandtantene til Emil Johnsen som ikkje overlevde jødeforfølginga under den andre verdskrigen.

– Da eg var yngre, på same alder som Isherwood var da han kom til Berlin, blei eg lenge dratt mellom kvinner og menn, inntil eg fann den rette mannen. Eg tenkjer at det er ein seksualitet som er vanskeleg å leve i. Det er kanskje lettare no, men det var vanskeleg å seie at ein var biseksuell da eg var ungdom. Jentekjærastar hadde vanskeleg for å godta det, homomiljøet kasta ølboksar etter meg og kalla meg svikar.

Emil Johnsen er opptatt av det han tolkar som biseksualiteten i stykket. Cliff Bradshaw søker seg til Berlin for å møte menn, men så blir han «tatt» av Sally Bowles som treng ein mann som tar vare på henne og som gir henne ein trygg stad å bu. Dei utviklar eit slags forhold, eit intimt vennskap.

– For meg kjennest det litt som om historia eigentleg har vore ei anna, men så har ein vridd henne til å passe ein Broadway-musikal. Eigentleg kunne *Cabaret* ha handla om at Isherwood drog til Berlin og møtte ein mann, og så måtte dei flykte frå nazistane. I det verkelege livet var det nettopp det som skjedde. I 1933 flykta han med ein mannleg kjærast frå Berlin. Sally Bowles bygger på ei kvinne han møtte i Berlin, Jean Ross, som var veldig viktig for han, og som blei ei veldig nær venninne.

Emil Johnsen er tru til rolle- »



1. Oldemor til Emil, Agnes, med barnebarna i 1947. Dei kom seg i sikkerheit i England. Til venstre står mor til Emil, vesle Helga.
2. Gertrud i atelieret til venninna Valerie Jorud. **3.** Dei tre eldste søstrene Löb, berre den eldste av desse klarte å flykte.
4. Tysk orden i deportasjonspapira gjorde det mogleg å finne ut kvar jødane var send. ALLE FOTO: PRIVAT

karakteren Cliff Bradshaw.

– Han søker seg til Berlin for å vere fri, for å oppleve seksualitet og for å bli elska for den han er. Cliff Bradshaw er også ein modig person, som ringer i alarmbjøllene når han anar den politiske utviklinga i landet. Han er tydeleg på at dette ber gale av stad. Han prøver også å få Sally Bowles til å flykte. Men ho vegrar å forlate byen, miljøet og vennane.

Jødisk familiebakgrunn

Og her er det at familiehistoria til Emil Johnsen kryssar eit anna spor i forteljinga.

– Ja, flukt er sentralt i familiehistoria mi, ei historie eg har blitt meir opptatt av når eg har lese og førebudd meg til dette stykket.

Mormor til Emil Johnsen var jødisk, og tysk. Familien Löb budde i Bonn. Mormor Eva, som var yngst i ein søskenflokk på fire, flykta saman med mannen sin frå eit Tyskland på randa av krig. Dei drog til Nederland, og vidare til England. Men to av søstrene kom seg ikkje ut. Dora Löb var klassisk fiolinist og bratsjist, utdanna ved konservatoriet i Køln og fast medlem i eit kammerorkester til ho i 1933 mista stillinga, etter at den første store raseloven blei innført. To år seinare emigrerte ho til Palestina og fekk ei musikarstilling i Palestine Orchestra – dagens Israel Philharmonic Orchestra.

– Dora hadde ein god karriere som musikar, og drog til Palestina på grunn av situasjonen i Tyskland. Der nede blei ho med i eit orkester, men som eg har forstått historia, fann ho seg aldri til rette der og av ulike årsaker vende ho tilbake til Tyskland i 1937. I 1941 blei ho deportert til Riga der ho måtte arbeide ved ein fabrikk. Da dei tyske troppane starta tilbaketrekkinga frå Baltikum i 1944 blei gamle, kvinner, barn og sjuke i leiren drivne inn i skogen og skotne. Ho var ei av dei.

Gertrud Löb var den nest eldste søstera. Ho var utdanna skodespelar og debuterte i 1931 ved teateret i Konstanz. Denne plassen måtte ho raskt forlate som jøde.

– Eg har høyrt at den siste rolla hennar var som Julie i *Romeo og Julie* ved eit teater i Berlin. Eg veit at Gertrud også levde i eit nært forhold med ei anna kvinne, Valerie Jorud, som også var kunstnar i Berlin på den tida. Å vite at eg hadde ei grandtante som levde med ei kvinne, likt som eg lever med ein mann, og i tillegg var skodespelar, har alltid gjort at eg har kjent eit slags band til henne og den delen av slekta. Og biletet av dei har alltid hange på veggen heime. Det er tankevekkande at dei ei kort tid levde i den fridommen som eksisterte i Berlin i 20- og 30-åra, som er den tida *Cabaret* handlar om. Og at den fridommen blei tatt frå dei

på ein så radikal og brutal måte. Det får meg til å tenkje på vår tid og alt som rører seg, utan at ein skal sette likskapsteikn der. Å sjå føre seg livet hennar som skodespelar i Berlin nett på den tida *Cabaret* utspelar seg, har likevel gjort at stoffet har kome ekstra nært.

Til slutt blei situasjonen så tilspissa at Gertrud måtte ut av Tyskland, og ho blei lova ei flukt til Sveits. Men det viste seg å vere svindel, og på togstasjonen blei ho arrestert, send tilbake til Berlin og deportert berre dagar seinare. Valerie Jorud venta heile krigen på at Gertrud skulle kome tilbake frå konsentrasjonsleiren ho var send til, men døydde sjølv under bombinga av Berlin i 1945. Gertrud forsvann ifølgje snublesteinen hennar i Auschwitz.

Aversjon mot nasjonalisme og autoritetar

Familien til mormora til Emil var ikkje spesielt religiøse. Dei var tyskarar, vanlege menneske, og mor til dei fire søstrene hadde vore tydeleg på at dei stod fritt til å gifte seg med den dei ønskte. Mormor gifta seg med ein «vanleg tyskar», som tidleg forstod kor farleg det var for dei å bli, og dei flykta først til Nederland, sidan til England, der mor til Emil vaks opp og budde fram til ho trefte far hans.

– Mamma fekk ikkje vite at ho hadde jødisk mor før ho var blitt litt eldre.

Mormor forblei kosmopolitt resten av livet. Ho hata nasjonalisme og uttalte sjølv at ho var «a citizen of the world». Dette heldt ho på samtidig som ho blei meir opptatt av den



Emil Johnsen har arva familien sin skepsis til autoritetar. Det har ikkje alltid vore like smart å følgje i arbeidslivet.

jødiske historia si. Ho brukte fleire år i alderdommen på å halde føredrag om situasjonen ho opplevde som ung jødisk student i eit Tyskland med segregeringslovar og jødehat.

– Synet på kva eit land, kva ein nasjon og kva religiøs tilhøyrsle er, har kanskje gått i arv i familien. Eg likar ikkje 17. mai så godt, sjølv om eg veit at det er ein fin dag, eller flaggheising generelt. Mamma har alltid vore ganske fri, på eit vis. Ho går sine eigne vegar, men er nok prega av oppveksten sin. Etter at ho gifte seg med ein nordmann kjøpte ho seg samekofte som ho bar på ei nasjonaldagsfeiring på Nes i Ådal, der eg vaks opp fram til eg var fire år gammal. Ho gjekk med den «fordi ho syntest den var fin», som Sally Bowles ville ha sagt. Ho har alltid vore skeptisk til autoritetar og har ikkje stor tillit til «system», anten det gjeld lærarar, politi, politikarar eller andre som har makt. Og det har eg alltid fått høyre, ikkje stol på det dei andre seier, om du sjølv kjenner at det ikkje er rett. Det har rett nok ikkje alltid vore like smart å følgje i arbeidslivet, ler Emil.

– Men eg har fått mykje av mor mi som eg er glad for no. Ho lærde meg kor viktig det er å seie ifrå om noko er urettferdig og ikkje berre teie, sjølv om det inneber å stå opp mot autoritetar.

Dei vanskelege samtalane

Emil har fått større forståing for kvifor mor hans er som ho er.

– Kva veit ein eigentleg? I mamma sin oppvekst var holocaust og familiehistoria vanskeleg å snakke om og mormora mi begynte forståeleg nok alltid å gråte når det var snakk om kva som hadde skjedd med familien hennar.


Dei som er igjen lever spreidd over heile kloden, i Tyskland, Nederland, England, USA. Etter at Emil blei vaksen besøkte han kusina til mor si, dottera til den eldste av dei fire søstrene Löb, som også flykta og overlevde krigen.

– Å prate med henne var fint. Familien hennar hadde vakse opp med større openheit kring familiehistoria enn det mor mi gjorde.

Og no kjenner Emil at han også vil opne opp og snakke om dette. Han har ei kjensle av at også vi i vår tid dansar på randa av eit stup. Høgrekreftene har vind i segla, fascistar har fått posisjonar i parlament rundt om i Europa.

«Vi spelar Cabaret i ei tid der antisemittismen aukar i heile Europa.»

– Eg synest det er forferdeleg korleis asylsøkarar blir møtte både i Noreg og Europa. Det er klart ein blir ekstra merksam på det når ein »



Mormor Eva saman med ektemannen Paul Glees. Han var ein «vanleg tyskar» som tidleg oppdaga at det ikkje var trygt for dei å bli verande i landet. Dei flykta først til Nederland og seinare til England. Emil Johnsen har brukt morfaren som inspirasjon til rolla som Cliff Bradshaw. FOTO: PRIVAT



Dora Löb var ein dyktig musikar. Som søstera Gertrud levde ho som kunstnar i mellomkrigstida. For Emil har familiehistoria vore ei viktig påminning om kor heldig han er som kan leve fritt. Men at vi aldri må ta det for gitt. FOTO: PRIVAT

sjølv har familie som har flykta. Om fem til ti år vil vi kanskje sjå tilbake på vår tid som ei tid som likna den som grandtantene mine opplevde; ei tid med fridom, liberale verdiar og toleranse. Men som raskt forandra seg. Det er ikkje sikkert at mitt liv vil vere like akseptert i ei nær framtid. Eg merkar at hatretorikken bygger seg litt opp, år for år. Pride blir meir debattert, regnbogeflagg i barnehagen og på skolar møter motstand. Eit lysebrunt Kristeleg Folkeparti og ei ny, ung, konservativ rørsle. Det er ikkje alltid like stor takhøgde for at du kan elske den du vil.

Å snakke om jødisk historie og jødisk familie gjer ein ikkje utan kostnad

Det er dessutan komplisert å snakke om jødedommen og om det å vere jødisk. Emil er tydeleg på at han ikkje lener seg på ein jødisk identitet, men *Cabaret* handlar faktisk om at jødane blei forfølgde.

– Vi spelar *Cabaret* i ei tid der antisemittismen aukar i heile Europa. I Israel leiar Nethanyahu ei fascistisk og høgrepopulistisk regjering, og dei forferdelege militæroperasjonane til staten Israel må vi berre fordømme på det absolutt sterkaste. Men det bør ikkje smitte over på haldningane til jødar. Det synest no som om at alt som er forbunde med jødar blir sett i eit negativt lys, og det vil eg åtvare mot. Å snakke om jødisk historie og jødisk familie gjer ein ikkje utan kostnad. Og derfor er det viktig å gjere nettopp det. Fordi så mange blandar korta. Når diskusjonen blir så polarisert som i dag er det viktig å halde hovudet kaldt og hjartet varmt.

Eit tynt lag av sivilisasjon og danning kvilar over menneska. Vi har vore vitne til – og er det framleis mange stader – kor raskt dei blir forvandla til barbarar, skreiv ein familievenn i kjølvatnet av krigen, da ho fortalte om skjebnen til dei to søstrene Löb som forsvann. Når *Cabaret* no kjem opp på scenen vil Emil Johnsen minne om nettopp dette. Kor fort sivilisasjon kan slå over i barbari. Det vitnar historia om, og i notida ser vi også faretrugande tendensar.

– Eg har alltid tenkt at denne historia ligg så langt tilbake i tid. Men no er eg sjølv blitt grandonkel. Det gjer det enda meir tydeleg kor tett på vårt eige liv denne historia faktisk er.

FOTO: IDA EKLUND



Husjomfru

AV
EDVARD HOEM

DRAMATISERING
KJERSTI SANDAL

REGISSØR
KRISTIAN LYKKESLET STRØMSKAG

URPREMIERE
25. FEBRUAR 2026, TEATRET VÅRT I MOLDE

OSLOPREMIERE
3. DESEMBER

Hoem si slektskrønike held fram

Forfattarskapen til Edvard Hoem skaut ny fart da han sette seg føre å skrive om livet og strevet til gamle slektningar.

Teaterversjonar av dei kritikarroste romanane *Slåttekar i himmelen* og *Jordmor på jorda* har tidlegare blitt viste på Det Norske Teatret. No er det ein fjernare slektning, Julie Elisabeth Hoem, sin tur til å få livet dikta fram på scenen i *Husjomfru*.

I mange sine auge var sikkert livet til Julie Elisabeth smått. Ho kom frå lite, og tok ingenting med seg da ho drog. Da ho døydde i 1911, la ho bak seg eit langt liv i forsaking og teneste for andre. Likevel har Edvard Hoem måla fram ei stolt og urokkeleg kvinne som levde eit rikt liv med draumar og lengt, der små val fekk store konsekvensar. På scenen er det skodespelar Anne Wiig som formidlar historia aleine.

KLASSEKAMPEN

«Når denne smålåtne framsyninga er blitt så varm og vellukka, skuldast det i stor grad at Anne Wiig har ein heilt uvanleg nyanserikdom i registeret sitt.»

Klassekampen, 28. februar 2026

Kva om alle Gutta kom til makta?

– Målet mitt er at det skal bli den mørkaste framsyninga eg nokosinne har laga, seier regissør Even Torgan.

Tekst: *Ida Michaelsen* **Foto:** *Eirik Malmo*

I *«Gutta»* følgjer vi den politiske oppvakninga til August. Han er vakker og karismatisk og på ei boklansering forelskar han seg i William, som skal starte eit politisk parti, Gutta. Snart er August ein stor del av denne rørsla og blir fort vald til leiar.

Even Torgan har markert seg som ei tydeleg politisk stemme i det norske teatermiljøet. Regissøren og dramatikaren har vore kunstnarleg leiar for Antiteateret sidan etableringa i 2013. I løpet av desse åra har han sett opp kontroversielle og omdiskuterte stykke som har hausta anerkjenning for å løfte tabulagde tema; pedofili, avkriminalisering av narkotika, transfobi og rasisme har vore aktuelle i stykka til Antiteateret. Tine Skjold og Even Vesterhus, som er ein viktig del av Antiteatret, er også dramatikarar på *«Gutta»* saman med Oda Radoor.

– *«Gutta»* er laga i frykt for verda. Og kva retning ho går i. Eg bruker rett nok ikkje mykje tid på faktisk å kjenne etter, og eg har eit håp om at vi kan klare å kome oss ut av denne utviklinga.

Kanskje kan det finnast håp i at Victor Orban ikkje fekk fornya tillit i Ungarn, eller at Sverigedemokraterna gjekk tilbake i det svenske valet i haust.

– Likevel… seier Torgan.

– Unge høgreekstreme i dag går i skjorte og slips. Det er ikkje lett å sjå på folk om dei er i ferd med å omfamne radikale idear. Hakekorset er ikkje borte, det berre ser heilt annleis ut.

Fascisme

Scene 2 er blitt eit neoklassisk kontorfellesskap og vi får alle vere med på opphavshistoria til *«Gutta»*. Dialogen og samspelet i *«Gutta»* blir utvikla saman med ensemblet.

– Det er eit ønske om å utforske temaet saman, i ein prosess der vi ikkje har alle svara. Vi baserer prøvene på politisk diskusjon og vil lage eit levande materiale.

Sjølv er Torgan ikkje del av eit miljø der tendensen har fått fotfeste, men har ei kjensle av at han heile oppveksten har vakse opp med historier som har handla om fascisme.

– Richard den tredje, *V for vendetta, Star Wars, Ringenes herre* – alle dei store forteljingane – handlar jo om dette. Om fridom og kampen for demokratiet. 22. juli-terroren gav oss innblikk i ein ideologi som handlar om at systemet her i Noreg ikkje fungerer, at nokon meiner vi må tilbake til eit Noreg, som er ekte, norsk, kva no enn det betyr.

Even Torgan ler. For når var eigentleg Noreg ekte, eller norsk? Og når i historia var eigentleg Noreg betre enn i dag? Var det før innvandringsbølgja kom i 70-åra? Eller før kvinnefrigjeringskampen og inntoget av kvinner i arbeidslivet?
Dette handlar om oss. Både på høgre- og venstresida. Vi er så privilegerte og har det til felles at vi kjenner oss svikta, truga og kjenner på frykt for framtida.

– Å selje ein ide om storleik er ein komfortabel tanke, det kjennest bra å kjempe for at ting skal bli bra – igjen! Også regjeringar på venstresida har ført til ei nyliberalisering av samfunnet. Der fellesskapen ikkje er så viktig lenger og der pengar er det viktigaste.

Remigrasjon

I *«Gutta»* er det særleg hatet som får merksemd.

– I nabobygget til Det Norske Teatret blei det tidlegare i år halde eit møte om remigrasjon. Målet er at framsyninga skal kaste seg inn i det, og utforske og få publikum til å kjenne det på kroppen. Vår jobb blir å gå inn i alle gråsonene og grumset som finst på både venstre- og høgresida i politikken. Vi kan framleis gjere det, for vi er heldige i dette landet. Men vi må beskytte demokratiet. Det er ein skjør konstruksjon, vi må snakke meir om det som skjer, seier Even Torgan.

> *«Det er ikkje lett å sjå på folk om dei er i ferd med å omfamne radikale idear.»*



«GUTTA»

AV
EVEN TORGAN, TINE SKJOLD, EVEN VESTERHUS OG ODA RADOOR

REGISSØR
EVEN TORGAN

URPREMIERE
9. OKTOBER 2026

Even Torgan etablerte Antiteateret i 2013 og er ei markant stemme i norsk scenekunst.



Nok ein Almaas i rampelyset

Det er ikkje første gongen ein Almaas får bryne seg på rolla som vestkantklyse. Der far har gjort Christian Kopperud til eit omgrep for ein særskild type vellukka mann frå Oslo vest i NRK-serien *Side om side*, har Aksel no debutert på teaterscenen som ein yngre, og mørkare variant.

Tekst: *Ida Michaelsen og Åsne Dahl Torp* **Foto:** *Eirik Malmo*

Eg kjenner miljøet «August» kjem ifrå ganske godt. Eg har jo sjølv vakse opp på vestkanten. Språket, referansane og haldningane er ting som eg har hatt ganske tett på. Samtidig er han jo veldig langt ifrå meg på mange område, som også gjer han interessant å spele, seier Aksel Almaas – som da er son til TV-profilen Jon Almaas.

I framsyninga *«Gutta»* blir Aksel sin karakter del av ein gutegjeng som vil gjere ein forskjell i samfunnet. Framsyninga er beskrive som ein mørk komedie, og handlar om korleis unge menn finn enkle løysingar på komplekse utfordringar.

Mannosfære

I heile den vestlege verda har det i visse miljø vakse fram ei kjensle av at samfunnet er blitt feminisert. Unge menn kjenner seg forbigått og underlegne. YouTube, podkastformatet og SoMe-plattformer av ymse slag har vore effektive kanalar for å spreie slike bodskap. I *«Gutta»* speler Aksel Almaas rolla som August, ein av fleire som bestemmer seg for å starte ei politisk rørsle i Oslo. Vennskapet mellom dei unge gutane utviklar seg etter kvart til eit maktspel av paranoia, begjær og ideologisk galskap. Brorskapen slår raskt sprekkar.

Startar politisk parti

– August har bygd seg opp eit publikum på Instagram, men føler seg likevel einsam og saknar ein fellesskap. Når han møter William og dei andre på ein live-podkast, føler han at han finn nettopp det, og saman med dei nye kompisane startar han eit politisk parti, utan kanskje å tenke seg heilt om. Dei oppdagar likevel ganske raskt at folk faktisk lyttar til dei, og da begynner leiken å få reelle konsekvensar.

Sjølv er Aksel mindre aktiv på Instagram enn karakteren han skal spele, men oppigjennom har det nok blitt eitt og anna innlegg av nettopp «gutta», innrømmer han.

«Vi skal ikkje redusere menneska bak ideane til karikaturar.»

At Aksel kjenner miljøet karakteren August kjem ifrå, gir han også eit godt utgangspunkt. Men det å seie at han er «type casta» til rolla, vil kanskje vere å dra det litt langt.

– Eg har heilt sikkert ein god del perspektiv og anekdotar å bidra med inn i framsyninga, men det blir også viktig at vi tar tematikken på alvor. Det er ein lett utveg å gjere narr av «gutta» og meiningane deira, men da trur eg også at vi går glipp av noko. Skal vi lage ei interessant framsyning om dette, må vi prøve å forstå kva som gjer at slike tankesett kan verke attraktive, og kvifor ein del unge menn søker seg til desse miljøa. Det betyr jo heller ikkje at vi skal stille oss ukritiske til ideane, men at vi ikkje skal redusere menneska bak dei til karikaturar, understrekar Aksel.

Ønskjer å provosere

Even Torgan er mannen som både skal utvikle og ha regi på framsyninga. For han er det tre ting som er heilt avgjerande for at teateret skal vere interessant. Det må vere morosamt, kritisk og interaktivt. Torgan har markert seg i det norske teaterfeltet med prosjekt som både er utfordrande og tidvis kontroversielle. Når han no skal lage teater om nyfascisme var det viktig at han hadde dei riktige skodespelarane med seg på laget. Aksel Almaas var ein av dei han kriga for å få på rollelista.

– Eg høyrde rykte om Aksel for nokre år sidan da eg byrja å tenke på manus. Eg oppdaga fort at han var den beste skodespelaren i sin generasjon, og at eg ikkje ville lage framsyninga utan han på laget, seier regissøren.

Debuterer på teaterscenen

24 år gamle Aksel kjem rett frå skodespelarutdanninga ved Kunsthøgskolen i Oslo til Det Norske Teatret. Interessa for teater byrja for alvor da han spelte revy på Oslo Handelsgymnasium.

– Det eg likar aller best med teateret, er møtet med publikum. At noko faktisk skjer mellom dei som står på scenen og dei som sit i salen, og at det kan forandre seg frå kveld til kveld. Eg trur jo også at teaterrommet er ekstra viktig no da vi lever i ei tid der fleire og fleire (meg sjølv inkludert) bruker meir og meir tid bøygd over skjermen.

Finst det eit før og etter i norsk teater?

Det går eit rykte på teateret om den britiske regissøren som seier at det kjem til å bli eit før og eit etter *Ei rosin i sola*. Den amerikanske klassikaren er no klar for eit norsk publikum, nesten 70 år etter uroppføringa på Broadway.

Tekst: *Amy Black Ndiaye* **Foto:** *Ole Herman Andersen*

Josette Bushell-Mingo snakkar rett ut om at det som er i ferd med å skje, kjem til å endre teateret. Folk er delte. Nokre trur ho overdriv. Andre meiner ho tek feil. Og dei som ser ut som meg, meiner ho har heilt rett.

Nokre gonger i livet møter ein menneske ein kjenner seg heime hos med ein gong. Josette er eit slikt menneske. Ho er som mor mi, far min, syster mi, bror min. Det kjennest trygt, og samtidig kjenner eg den same sunne frykta som eg alltid har når eg skal møte slekta mi på farssida, den afrikanske respekten for dei eldre. Ho snakkar med ein visdom og ei tyngd, og raskt forstår eg at eg aldri har hatt eit forbilde. Nokon som driv på med det same som meg som eg kan sjå opp til.

Kva er før, og kva er etter?

Ei rosin i sola er skrive ut frå eit svart perspektiv, forklarer Josette, og det tvingar eit teater til å stille spørsmål ved seg sjølv.

– Kvifor vart svarte menneske jakta på, mishandla og drepne under borgarrettskampen? Kvifor hadde dei ikkje arbeid og utdanning? Kva var strukturane som gjorde det? Ein institusjon må også spørje seg om sin eigen arv, som i hovudsak kvit. Det gjeld i alle land eg kjem til, anten det er Noreg, Sverige eller Storbritannia.

«Kvifor vart svarte menneske jakta på, mishandla og drepne under borgarrettskampen?»

– Før trudde du kanskje at du forstod kva stort svart teater var. Etter kan du ikkje nekte for at det finst tusenvis av ikoniske afrikanske historier som kan røre alle. Og vi har ikkje sett dei opp. Gjer du det likevel, er det med vilje.

For skodespelarane handlar etter om noko anna.

– Om å vere i eit rom saman utan å bli stirt på eller sett på »



Ei rosin i sola

AV
LORRAIN HANSBERRY

REGISSØR
JOSETTE BUSHELL-MINGO

NOREGSPREMIERE
13. NOVEMBER 2026



Familien Younger deler ei trong leilegheit og lever tre generasjonar under same tak. Dei er blant dei millionane afroamerikanarar som har forlate sørstatane og reist nordover, vekk frå segregering og vald, på jakt etter arbeid og eit friare liv. FOTO: BIRGIT SOLHAUG

som annleis. Eit rom der håret ditt, sminka di, kleda dine og teksten din, alt, lener seg mot deg. Då kan dei berre gjere jobben sin. Dei treng ikkje forhandle om noko. Og når du først har vore der, er det svært vanskeleg å gå tilbake.

Kroppen som veg inn

Som 18-åring fekk Josette studieplass ved eit universitet. Ho sa nei og reiste ut på turné med teaterkompani i staden. Ho skolerte seg i fysisk teater hos Lecoq, Gaulier og Monika Pagneux, og kompania ho spela i, leidde workshopar for publikum etter kvar framsyning.

Ho vart ei av få svarte fysiske skodespelarinner i England, og fekk spele store roller: Kleopatra, alle kvinnene i *Peer Gynt*, Julie i *Romeo og Julie*.

– Hudfargen min stoppa meg ikkje, men det var fordi eg ikkje hadde kome inn i hovudstraumen enno. Då eg kom til Royal Shakespeare Company, vart det plutseleg: «Å, det kan du ikkje spele.»

På eit bilete av 96 skodespelarar samla i Globe er ho den einaste

svarte skodespelarinna.

– Det finst svarte skodespelarar som er betre enn meg. Kvar var dei? Eg fann fellesskap fort, teaterfolk frå heile verda, italienarar, japanarar, men det er først når du kjem inn i institusjonane at du ser det: Det er berre meg her. Derfor er det så viktig for meg å gje vidare tilliten og kjærleiken.

Den store elva av kreativitet

Det var kjærleiken som førte ho til Sverige. Frå 2005 var ho kunstnarleg leiar for Tyst teater, det nasjonale teiknspråkteateret ved Riksteatern, i tolv år. Ho understrekar at ho snakkar som høyrande alliert, ikkje ut frå døv erfaring. Men det var der alt kom saman: det fysiske teateret, bakgrunnen hennar frå idretten og måten hjernen hennar handsamar språk på.

– Leiing og regi er éin og same ting. Det handlar om å «hold space», anten det er for éin person eller for mange. Når Josette brukar uttrykket «hold space», handlar det om ansvaret ein leiar eller regissør har for prøverommet, at alle kjenner seg trygge nok til å gjere jobben sin, og at det samtidig er tydelege krav.

Når eg spør kvar visdomen hennar kjem frå, seier ho at ho ikkje veit om det er visdom.

– Kanskje heller sanning. Eg har ingenting å tape. Eg er ikkje her for ein jobb, for gode meldingar eller for å vinne vener. Eg er her for å gjere ein jobb som gjer folk heile. Og eg ser meg sjølv i den store elva av kreativitet, saman med dei som gjekk før meg: Nina Simone, Winsome Pinnock, mor mi, alle som har ofra så mykje for at eg skal kunne stå her.

«Leiing og regi er éin og same ting.»

Josette Bushell-Mingo

- Skodespelar og regissør
- Har jobba i 35 år som kunstnarisk leiar, skodespelar og frilansregissør i Storbritannia, Sverige og andre land.
- Var kunstnarisk leiar ved Riksteaterns Tyst Teater - scenekunst på teiknspråk frå 2005-2017.
- Gjesteprofessor ved Coventry University i Storbritannia sidan 2017
- Ho har jobba med The Royal Shakespeare Company
- I 2006 blei ho tildelt Officer of the Order of the British Empire.

Kva må til?

Når eg spør korleis vi kan byggje tryggleik og fellesskap for svarte kunstnarar i Noreg, svarer Josette med kunnskap.

– Eg kunne kome tilbake og halde ein todagarsworkshop om klassisk svart teater, slik at dei svarte skodespelarane kan seie: *Å, det er dette*. For det er same tilnærming som til alle andre klassikarar.

Det andre er regissørane institusjonane hentar inn.

– Korleis held dei rom? Vi har begge sett det gå gale, når nokon knuser ein skodespelar med éin einaste kommentar.

Det tredje er samtalane.

– Samtalar i huset som går heile tida, ikkje eingongssamtalar. Du kan endre ein kultur på 24 timar. Du kan velje det.

Og så må det vere lov for svarte å samle seg.

– Når det er to eller tre av oss saman, trur folk det er opprør på gang. Men det er ikkje noko negativt.

Sidan 2021 har Josette vore rektor ved Royal Central School of Speech and Drama i London. Der finst det ei jødisk studentforeining som samlast kvar fredag til sabbat, ei svart studentforeining, ei skeiv foreining og ei gruppe for nevrodivergente.

– Når den gruppa samlast, seier eg: I 40 minutt er eg ikkje rektor. Og så snakkar vi saman om korleis vi har det.

Det siste rådet hennar er det enklaste:

– Gjer stykka.

Etter ei veke med Josette og teksten til *A raisin in the Sun* av Lorraine Hansberry slår det meg at dette er noko eg aldri har opplevd før. Og eg tek meg sjølv i å lure på kven eg kunne ha vore om dette ikkje skjedde i 2026, men i 2006.

Fri

Eg er 36 år, og for første gong er eg i eit rom der eg plutseleg forstår kor mykje eg har måtta tenkje på mi eiga svartheit, og der eg brått kan sleppe det. Fram til no har romma eg har vore i, vore rom styrt og sett gjennom eit kvitt filter. No forstår eg at vi høyrer til ei heil historie som er mykje eldre enn vi har trudd, og at vi er ein del av den globale majoriteten.

Når eg spør Josette korleis liva våre ville ha sett ut om historiene våre var ein del av det kollektive medvitet, svarar ho med eitt ord:

– Fri.

SKANN QR-KODEN OG LES HEILE INTERVJUET



Som 29-åring vart Lorraine Hansberry den første svarte dramatikaren, og den yngste amerikanaren, som vann prisen for årets beste stykke fra New York Drama Critics' Circle.
FOTO: DAVID ATTIE/GETTY IMAGES

Ung, gåverik og svart

Lorraine Hansberry levde berre i 34 år. Det var nok til å forandre teateret for alltid.

Tekst: *Amy Black Ndiaye*

Lorraine Hansberry vart fødd på South Side i Chicago i 1930, svart og kvinne, midt i depresjonen. Sjølv skildra ho det slik at ho kom til verda mellom to verdskrigar, og var tenåring då dei første atombombene fall.

Kampen starta heime. Faren hennar gjekk til sak mot dei såkalla restriktive klausulane som stengde svarte inne i nokre av dei verste ghettoane i USA, og flytta familien inn i eit fiendtleg kvitt nabolag. Ein murstein kom gjennom vindauget og var nær ved å drepe den åtte år gamle Lorraine. På veg til skulen vart ho forbanna og spytta på av ein mobb. Om nettene gjekk mora vakt i huset med ei ladd pistol, medan faren og advokatane i NAACP førte saka heilt til høgsterett. Dei vann, og dommen ber namnet hans.


Som student ved University of Wisconsin sneik ho seg inn på ei prøve av Sean O'Caseys *Juno and the Paycock*. I klagesongen til ei mor som har mista sonen sin i den irske fridomskampen, kjende ho att noko frå sin eigen barndom, som sirener i natta i Chicago. Ho visste at ho ein dag ville skrive om det same, berre i ein annan toneart.

Harlem

I 1950 slutta ho på universitetet og flytta til Harlem. Ho gjekk i streikevakter og bar møblane til utkasta leigetakarar tilbake inn i husa deira. Ho studerte afrikansk historie hos W.E.B. Du Bois og arbeidde som journalist i Paul Robesons radikale avis *Freedom*. På ei streikevakt mot diskriminering ved New York University møtte ho Robert Nemiroff, og dei gifta seg i 1953. Ho var også nær venninne av Nina Simone, og ei av dei som fekk Simone til å sjå musikken sin som ein del av kampen.

Ein dag i 1957 vart ho så lei av manuset ho skreiv på, at ho kasta sidene i taket og så i papirkorga. Nemiroff samla dei opp, la dei bort og fekk ho tolmodig i gang igjen. Manuset var *A Raisin in the Sun*.





Stykket hadde premiere på Broadway i mars 1959.

Ei dør som opna seg

Stykket hadde premiere på Broadway i mars 1959. Som 29-åring vart Lorraine den første svarte dramatikaren, og den yngste amerikanaren, som vann prisen for årets beste stykke frå New York Drama Critics' Circle. James Baldwin oppsummerte det slik: Aldri før i amerikansk teaterhistorie hadde så mykje av sanninga om svarte liv vore vist på ei scene.

Stykket skapte eit nytt svart teaterpublikum og opna ei dør for ein heil generasjon svarte kunstnarar, frå Sidney Poitier og Ruby Dee til Lloyd Richards, den første svarte regissøren på Broadway.

For første gong på ei scene stod ein afrikansk student, Asagai, og snakka om Afrikas komande frigjering. For første gong såg publikum naturleg hår og afrikanske klede i ein ghetto i Chicago. Den unge dottera Beneatha gjekk til åtak på tanken om å assimilere seg inn i ein undertrykkjande kultur, og tok samstundes til orde for kvinners frigjering. Stykket peika fram mot det svarte medvitsopprøret i 1960-åra, lenge før publikum var klar for det.

Arven

Lorraine Hansberry døydde av kreft 12. januar 1965, 34 år gammal, medan hennar andre stykke, *The Sign in Sidney Brustein's Window*, gjekk på Broadway. I gravferda song Paul Robeson, og Malcolm X sat på ein av dei bakarste benkene. Martin Luther King sende ei helsing der han kalla ho ein inspirasjon for «generasjonar som enno ikkje er fødde».

Fire år seinare vart framsyninga *To Be Young, Gifted and Black*, sett saman av hennar eigne ord, den lengst spelande off-Broadway-framsyninga det året. Nina Simone gjorde tittelen om til ein song til minne om venninna si, og uttrykket har sidan gått inn i språket.

Vi er dei generasjonane King snakka om. Sekstisju år etter premieren på Broadway blir *Ei rosin i sola* spela på ei norsk scene for første gong, på nynorsk og med eit svart ensemble. Det Lorraine gjorde i 1959, var å opne ei dør. No går vi gjennom ho på Det Norske Teatret. Kvar replikk på nynorsk og kvar svart skodespelar på scena er ein del av arven hennar, og eit bevis på at ho hadde rett: Draumen vart utsett, men han tørka ikkje inn.



Regissør Lisa Lie er oppteken av naturkreftene, og hadde funne ein spesiell stein i skogen til uttrykksfotoet til *Dommedaggry*. FOTO: EIRIK MALMO

Positiv aggresjon

- Vi har null ironisk distanse, og det inneber ein del risiko. Vi skal tore å stå i det vi gjer. Fullt og heilt, seier Witch Club Satan. I november inntar heksene Hovudscenen, og med det er bandet tilbake i teateret, der prosjektet faktisk starta.

Tekst: *Åsne Dahl Torp*

Midt i eit fabulerande scenerom med eit teater i teateret, ei sol, ein måne, stjerner, skjeggkre og ein teatertrupp, tronar eit band på ein meteor. Dette er ingen ringare enn Witch Club Satan. Bandet er kanskje ukjent for den gjennomsnittlege teatergjengaren, men innan visse miljø har dei på kort tid oppnådd kultstatus. Trass si korte fartstid som band, har Witch Club Satan rokke å bli ein snakkis i det internasjonale musikkmiljøet. Det er ei storhending at dei no skal vere med i framsyninga *Dommedaggry* på Hovudscenen. Lydbildet deira kan beskrivast som ein vegg av melodiske og samstundes støyande gitarar, trommer som hamrar i maskingevær-takt og over det heile ein guttural vokal som tidvis brølar og tidvis skrik ut kraftige bodskap om opprør mot alle former for undertrykking og skam. Sjølv kallar dei uttrykket for positiv aggresjon.

Teater og svartmetall

Svartmetalleventyret begynte med at Nikoline Spjelkavik og Victoria



Dommedaggry

AV
LISA LIE

REGISSØR
LISA LIE

URPREMIERE
28. NOVEMBER 2026



Witch Club Satan kan kanskje verke skremmande i uttrykket, men prosjektet spring ut ifrå ein humanistisk og feministisk visjon.

FOTO: STIAN ANDERSEN

Røising møttest da dei studerte ved Scenekunstakademiet i Fredrikstad, og etter eksamen i 2016 starta scenekunstkompaniet Lost and Found Productions. Musikk og feminisme var heile vegen viktige ingrediensar i prosjekta deira. Men det var eitt konsept som låg og gjæra i tankane: å kombinere teater og svartmetall.

– Vi har alltid tenkt at dei som driv med denne musikksjangeren driv med teater, seier Nikoline Spjelkavik.

– Så vi var nysgjerrige på kor langt vi kunne strekke den teaterdelen i svartmetallen. Men vi var også interesserte i kvifor det var så få damer som heldt på med denne sjangeren, og korleis det feminine kunne vere med på å utvide han. Saman med Johanna Holt Kleive utforma Spjelkavik og Røising universet som blei til Witch Club Satan.

Med framsyninga som fekk tittelen *Witch Club Satan* i 2022, tok det verkeleg av, og bandet byrja leve sitt eige liv.

– Vi trefte plutseleg eit mykje breiare publikum, og vi blei tatt inn i varmen av musikkbransjen på ein måte vi ikkje var førebudde på.


I 2024 omtalte det engelske musikkmagasinet Metal Hammer debutalbumet deira som «det beste som har skjedd black metal på fleire år».

Transformerande

I dag maner Witch Club Satan sverjingane sine for fans på turnear i USA og over heile Europa. Konsertane deira er som okkulte ritual og tek i bruk ei rekke kraftige teatrale verkemiddel i tillegg til den hardtslåande musikken.

– Kvar låt er som eit mantra og har som mål å vere ei transformerande reise for oss sjølve og for publikum, forklarar Victoria.

Ho meiner støyen kan vere ein »







Witch Club Satan nyttar seg av sterke verkemiddel i uttrykket både visuelt og musikalsk. Det er hardt, støyande og kan gå røft for seg på konsert. Musikken og opplevinga set publikum i kontakt med urinstinkta. Dei samanliknar metallen med oliven, som komplekse smakar ein kanskje ikkje elskar med det same, men som veks på deg. Slik det ofte er det med det som er framandt.

effektiv måte å komme i kontakt med kjenslene på. Det blir ei fysisk oppleving av lydbølger som treffer kroppen og skapar friksjon.

– Det kan faktisk også vere ganske meditativt, som ei spirituell reise, om du opnar opp for det.

– Vi ønskjer at folk skal vakne opp og gjere ein forskjell i verda og livet sitt, legg bandmedlem Hedda Lægreid til.

– Vi er veldig tydelege i standpunkta våre, og tiltrekker oss nok mange som er einige med oss. Men det har vore interessant å tre inn i eit miljø der det er mykje større kontrastar og fleire meiningsytterpunkt enn det til dømes er i teatermiljøet, der alle stemmer på venstresida, meiner Victoria.

Uttrykket deira visuelt er inspirert av heksekulturen, kostyma deira er ofte nesten ingenting, men kroppen er gjerne dekt av langt, svart hår, kroppssminke og blod. Det ekspressive uttrykket, det overskridande, koplinga til hekseri og det rituelle er noko Lisa Lie og Witch Club Satan har til felles.

– Framsyninga *Dommedaggry* handlar om å leite etter håp i noko som ikkje verkar så håpefullt. Det er vel eigentleg det Witch Club Satan også handlar om. Å leite etter endring som form for håp, seier Nikoline.

– Ikkje gløym at du faktisk kan gjere ein forskjell. Du kan gjere motstand, og det har noko å seie.

Tilbake

I *Dommedaggry* kjem Witch Club Satan tilbake dit dei starta, i teateret, og tek med seg metallen. Det kjem til å bli både stygt og vakkert, rabiat og sakralt. Men også humoristisk. Og nett dette aspektet er bandmedlemmene i







Witch Club Satan ekstra spente på:

– Vi som hekser er jo... Det er veldig alvorleg, seier Victoria med ettertanke.

– Det skal lite til før det bikkar over i komedie. Og nettopp derfor er vi spente på å jobbe med Lisa Lie, som vi synest lagar mørk, briljant humor, og på korleis alvoret vårt skal fungere i miksen, legg Nikoline til.

– Det finst absolutt noko leikent og lett i det vi gjer, som sikkert blir viktig å lokke fram i ein så tung tematikk som dommedag. Men det er ikkje komisk.

I *Dommedaggry* er Witch Club Satan representert av følgande hekser: Victoria Røising (bass)/ Hedda Lægreid (bass), Nikoline Spjelkavik (gitar) og Mina Halvorsen (trommer).

Kinofilmen *HEX* – Ein dokumentar om fenomenet Witch Club Satan, har også premiere 30. oktober.

Regissør Lisa Lie

For første gong skal ein av Noregs mest særmerkte scenekunstnarar innta den største scenen på Det Norske Teatret.



Regissør Lisa Lie jobbar med draumelogikk og andre typar verkelegheitsforståingar som utgangspunkt i framsyningane sine. Ho er inspirert av teoriar om teateret sitt opphav, av gamle ritual, mytologi og filosofi. Men også av populærkultur og absurd humor.

Scenekunstnaren har sidan barndomen vore oppteken av obskur historie, okkultisme, mytar, mysterium, natur og eventyr. I 2023 tok ho ein doktorgrad i korleis det går an å bruke teknikkar frå sjamanisme, spiritisme og ritualmagi i teatrale rom.

Framsyninga *Dommedaggry* er inspirert av skrekkscenario om dommedag frå mellomalderen, og den overdådige estetikken som rådde hos dei nyrike overlevande etter svartedauden. I framsyninga møter vi blant andre ein skodespelartrupp som blir riven i stykke av gulltørst, maktkampar og gammalt agg, idet jorda går under og blir bombardert med meteorittar frå verdsrommet. I øydemarka som openberrar seg, ligg nye vegar gjennom labyrinten under verda.

- Vi leitar gjennom mennesket. Spørsmålet er om det finst håp for oss? Vi leitar med lys og lykt, seier Lisa Lie, utan å avsløre avsløre kva dei finn.

Inn i eventyr-skogen

Det er veldig mykje som er flautt med å vere skodespelar. Likevel går Kjersti Tveterås heilhjarta inn i kvart nye prosjekt med von om at det blir noko større enn henne sjølv.

Av: *Erlend Tårnesvik Dreiås* **Foto:** *Magnus Skrede*

Kjersti Tveterås er glad i byrjingar. I opphavet til eit nytt prosjekt er ingenting øydelagt og alt framleis mogleg, tenkjer ho. Flaks da, at det var teateret ho enda opp i. Fleire gonger i året kan ho klyve inn i eit nytt ensemble, ei ny rolle, eit nytt univers og starte på nytt. Til våren skal ho til overmål klyve inn i eit nytt teater. Meir byrjing blir det knapt.

Til vanleg er ho å sjå under gullbogen på Nationaltheatret. Dei siste tolv åra har ho vore skodespelar der. Mange har sett henne i roller som Jane Eyre, som ho fekk Heddaprisen for, Morten skogmus i *Hakkebakkeskogen* og no sist som Veslemøy i *Haugtussa*. Men til våren skal ho gå nokre få hundre meter austover og debutere på det nynorske nasjonalteateret. Det er ei byrjing ho ser fram til.

– Eg gler meg veldig til å treffe mange nye folk. Og så gler eg meg til nynorsken. I *Haugtussa* spelte eg på nynorsk og det trefte meg på ein annan måte som overraska meg. Kanskje er det fordi Arne Garborg var frå Jæren, der eg også kjem frå, og mange av orda er henta rett frå mi dialekt. Språk er jo knytt til emosjonane, det ligg så nært oss.

No skal ho boltre seg i språket til Halldis Moren Vesaas og hennar gjendikting av William Shakespeare. Tveterås skal inn i eventyrskogen i *Ein midtsommarnattsdraum*, der ho skal vere urokråka Puck. Det er ein skøyaraktig skogalv som utløyser ei lang rekke kjærleiksforviklingar når safta frå ein magisk blome blir gitt til feil person.

> *«Latter er ein utruleg ærleg reaksjon. Vi kan jo småle høfleg, men ein ekte latter sit djupt. Den kan du ikkje fake.*

Den mystiske latteren

Ein midtsommarnattsdraum er ein av Shakespeares mest kjende og spelte komediar. Tveterås tenkjer at humor kan vere både spontan og avvæpnande. Nokre gonger kan ein lettare komme til eit alvor gjennom humoren. Men den hjartelege latterkrampen, den er litt mystisk.

– Latter er ein utruleg ærleg reaksjon. Vi kan jo småle høfleg, men ein ekte latter sit djupt. Den kan du ikkje fake. Sjølv føler eg meg veldig levande når eg ler mykje.

Ho ler ofte på jobb. For å vere kreativ treng ein å ha det godt, tenkjer ho. Som skodespelar er målet alltid å komme til ein stad der ho tør meir og ler meir.

– Det er veldig mykje som er flautt med å vere skodespelar. For å finne noko bra, må du gjere veldig mykje flautt først. Da må du lage eit rom der det er lov til å vere dårleg, der du ikkje er redd for å teste ut ting. Du må tole det frå både seg sjølv og andre.

Da Kjersti såg rollelista og dei ho skal dele scenen med i *Ein midtsommarnattsdraum*, tenkte ho «YES!» Nokon hadde ho jobba med før, andre ikkje. Ho tenkte at dette er ein god gjeng.

– Det er litt rørande med oss teaterfolk, at vi kvar gong trur på det vedunderlegaste. Nokre gonger får vi det til. Andre gonger ikkje. Men vi går alltid heilhjarta inn i eit nytt prosjekt.

Å elske det uperfekte

For Kjersti er teater ei øving i å elske det uperfekte. Det er alltid noko som kunne vore annleis eller som ikkje gjekk som det skulle. På scenen står det menneske av kjøt og blod som risikerer noko ved å stå der. Kanskje drit dei seg loddrett ut. Men sårbarheita som ligg i det, har ein verdi. I vår tid, der det perfekte synast å vere idealet, er det uperfekte noko Kjersti Tveterås heiar på.

I epilogen til *Ein Midtsommarnattsdraum* deler Puck ei von om at publikum finn kveik «i vår lette alveleik». Kjersti Tveterås er redd at ho høyrest litt nyfrelst ut, men trua på teateret er heilt ekte.

– Teateret er eit humanistisk prosjekt. Til alle tider har menneske fortalt historier. Det er ein måte å forstå seg sjølv på. Viss vi får til det fellesskapsprosjektet teater kan vere, kjennest det som ein er med på noko større enn seg sjølv.

No skal ho invitere publikum med seg inn i eventyrskogen, til alveleik, draumar, noko lett luftig og skimrande. Det er klart Kjersti Tveterås gler seg; det kan jo bli magisk.



Ein midtsommar-nattsdraum

AV
WILLIAM SHAKESPEARE

REGISSØR
JOHANNES HOLMEN DAHL

PREMIERE
23. JANUAR 2027

Magiske skapnader i Shakespeares kjærleiks-komedie

Overdådig kostymefest i *Ein midtsommarnattsdraum*.

Tekst: *Ida Michaelsen* **Illustrasjon:** *Nia Damerell*



Fire elskande ungdommar har rømt frå byen og ut i skogen. Dei er involverte i ein nokså komplisert kjærleiksaffære og vil unngå strenge foreldre for å sverme og leve ut attråa si. Ein skodespelartrupp dukkar også opp. Dei prøver på eit stykke dei skal framføre i bryllaupet mellom hertug Thesevs og amasonedronninga Hippolyta. I skogen lever også alvar og feer. Puck er tenaren til alvekongen Oberon, som er blitt uvenn med alvedronninga Titania. Vi er i eit magisk landskap, der underlege, uverkelege og komiske hendingar skal falde seg ut.

Skjønnheit og ubehag

Regissør Johannes Holmen Dahl og scenograf og kostymedesignar Nia Damerell skal løfte Shakespeare sin oftast framførde komedie inn i det store scenerommet på Hovudscenen. Premieren er 23. januar og på scenen har dei med seg eit knallsterkt skodespelarensemble. Kjersti Tveteråas spelar Puck, dei fire amorøse ungdommane blir spelte av Natalie Bjerke Roland, Tord Kinge, Ameli Isungset Agbota og Deniz Kaya. Christian Ruud Kallum er tilbake på Det Norske Teatret som Tesevs og Oberon.

Nia Damerell har boltra seg når ho har arbeidd fram alveverda i dette stykket. Denne er tenkt som ei mørk og mystisk verd, der skjønnheit og ubehag eksisterer side om side.

> *«Kostyma hentar inspirasjon frå ei dyrisk eventyrverd, med gotiske element, historiske silhuettar og organiske former frå naturen.»*

– Kostyma hentar inspirasjon frå ei dyrisk eventyrverd, med gotiske element, historiske silhuettar og »



Titania

Alvedronninga

Kirsti Refseth spelar rolla som alvedronninga Titania. Ho er gift med alvekongen Oberon og er ei stolt kvinne. Men ekteskapet er ikkje heilt knirkefritt og krangel og usemje dei imellom er drivkrafta bak ei rad forvekslingar og forvirring i stykket.

Det er unekteleg noko elizabethansk over kostymet til denne dronninga. Under regjeringsperioden til dronning Elizabeth I (1558–1603) var det ei sterk blomstring av kunst og kultur i England, med sjølvaste William Shakespeare som den mest innflytelsesrike. Elizabeth var eit genialt PR-menneske, blant dei første i verdshistoria, som marknadsførte seg sjølv ved hjelp av portrettmålarar, kunstnarar, teater, forfattarar og poetar. Ønsket om å vere ei slags sol for folket blei uttrykt gjennom dei svære kragane. Ho plasserte hovudet sitt i senteret, som sola, sirkelen er som solstrålane. Perioden har tent som inspirasjon både for kongelege og motedesignarar fram til våre dagar, men også for artistar og kunstnarar.

Oberon

Alvekongen

Alvekongen Oberon blir spelt av Christian Ruud Kallum. Også kostymet hans har trekk frå den ekstravagente kongelege herremoten under den elisabethanske perioden. Den var vel så fargerik og detaljert som kvinnemoten og demonstrerte både makt og rikdom.

Puck
Puck blir spelt av Kjersti Tveteråas. Den rampete feen spelar hovudrolla i den mytiske alveverda. Han er glad i pranks, å skape forvirring og å avkle dei dødelege. Den mest kjente replikken hans er da også: "Lord, what fools these mortals be!"

Puck har små djevelhorn, er kledd i mørke fargar og har noko androgynt over seg.



Alvar
Alvane held til i skogen der dei brukar magi til å skape forvirring og kjærleiksflokar for menneska. Rafid Islam, Sigrid Kandal Husjord, Kyrre Hellum og Marianne Krogh skal spele desse eventyrkarakterane i silhuettar som minner om både hoffnarren og dei overjordiske medan det blå håret gir eit noko meir futuristisk uttrykk.

organiske former frå naturen. Mørke fargetonar, skimrande teksturar og duokromatiske stoff med metallisk fargespel, inspirert av insekt, skapar eit framandarta og magisk uttrykk, seier Damerell.

Skissene som er leverte til systova på teateret gir også eit nikk til det engelske hoffet og dronning Elizabeth den første som levde samtidig som Shakespeare. Opp gjennom historia har fleire peikt på at stykket handlar om henne, som gjekk under tilnamnet Alvedronninga.

Tretti år
I over 400 år har *Ein midtsommarnattsdraum* fascinert teaterpublikummet, og nye versjonar vil halde fram med å nå scenelyset. På Det Norske Teatret er det no tretti år sidan sist stykket blei iscenesett, den gongen med den europeiske regigiganten Silvio Purcarete ved roret. Intrigar og forelsking, mystikk og romantikk går heldigvis aldri av moten, og i vår er det nettopp kjærleiken som skal få størst plass i repertoaret.

Men ingen må la seg lure, under den tilsynelatande harmonien i desse midtsommarnettene ligg eit djupt alvor og mørke.



1



2



3

4



1. Egevs er far til Hermia og blir spelt av Kyrre Hellum. **2. Lysander** er ein av dei fire elskande ungdommane og blir spelt av Tord Kinge. **3. Tesevs** er sentral i stykket. Han er hertugen av Aten som skal gifte seg med Hippolyta. Tesevs blir spelt av Christian Ruud Kallum som også spelar Oberon.
4. Hermia er forelska i Lysander, men må gifte seg med Demetruis. Ho blir spelt av Ameli Isungset Agbota.
5. Hippolyta (amasonedronninga) er trulova og skal gifte seg med Tesevs. Ho blir spelt av Kirsti Refseth.
6. Demetrius er forelska og lova bort til Hermia, som ikkje er forelska i han. Demetrius blir spelt av Deniz Kaya.
7. Helena er forelska i Demetrius. Ho blir spelt av Natalie Bjerke Roland.
8. Petter Pære er leiar for teatertruppen. Han blir spelt av Vetle Bergan.



5

6



7



8





– Nokre gonger blir du forelska sånn BOOM!



Deniz Kaya har blitt eit kjent andlet for mange dei seinare åra. Han har hatt store roller i m.a. TV-seriane Pørni og Knekt. I legeserien LIS på NRK oppstår det søt musikk på arbeidsplassen mellom Joakim og kollegaen Petra (Elpida Stojcevska).

FOTO: TORBJØRN SUNDAL HOLEN, RUBICON/NRK



Frå TV2-serien Nepobaby, der Deniz spelar Niko, som plutseleg får ein avsindig rik kjærast (Vivild Falk Berg).

FOTO: ELDORADO CONTENT CLUB/TV2

Snart er Deniz Kaya aktuell som forelska ungdom i *Ein midtsommarnattsdraum*. Da møter han si største frykt: Opphøgd språk på rim.

Tekst: *Åsne Dahl Torp* **Foto:** *Eirik Malmo*

Første gongen han hadde ein date med rima og blankversa til Shakespeare var som ung og naiv skodespelarspire. Etter ei tid i moderlandet Tyrkia på noko far hans trudde var ein skodespelarskole, var han plutseleg i London. Unge Kaya hadde googla seg fram til det som viste seg å vere nokre av dei mest prestisjetunge teaterutdanningane i Europa, og fekk tilsendt det han skulle framføre på opptaksprøvene.

- Det var på gamalengelsk, og eg skjønte ikkje bæret! Det blei sjølvsagt ikkje noko av nokon av desse skolane. Men erfaringa var likevel superviktig. Det at eg har fått litt juling har drive meg framover, seier Deniz Kaya i dag.

Etter ei tid bak disken på ein bensinstasjon heime i Noreg, kom han inn på skodespelarutdanninga på det som i dag heiter Høyskolen Kristiania. Sidan har han ikkje gått arbeidsledig.

Kjærleik og forviklingar

No skal han inn i Shakespeares leikne og romantiske forviklingskomedie om fire forelska ungdommar. Deniz skal spele Demetrius, som er trulova med Hermia. Men ho nærer sterke kjensler for Lysander. Demetrius er også kjærleiksobjektet til Helena, som er hovudstups forelska i han, noko som eigentleg er ganske plagsamt. Av ulike grunnar hamnar dei alle i skogen ei midtsommarnatt, og det er i løpet av denne natta handlinga utspelar seg.

- Kjærleik er noko av det enklaste og noko av det mest komplekse som finst. Så uføreseieleg og med så mange andlet. Nokre gonger blir du forelska sånn BOOM!, andre gonger bygger det seg opp over tid, reflekterer Deniz.

Demetrius nærer ingen kjensler for Helena i byrjinga av natta. Han svarar hennar teikn av kjærleik med kjølig avvising og avsky.

- Å snurre nokon rundt litlefingeren, slik Demetrius gjer med Helena, er ikkje ein sunn situasjon for nokon av partane. Kjærleiksrelasjonar bør vere likeverdige.

Ein forvirra generasjon

Men etter at den rampete alven Puck har gitt Demetrius ein trylledrikk, blir Demetrius også glad i Helena, og det heile endar lykkeleg.

Kanskje dagens unge også hadde trunge ein trylledrikk? Deniz er oppgitt over at mange har for høge krav til val av partnar. Han kjenner folk som har ei liste som skal sjekkast til punkt og prikke før dei torer å gå inn i ein relasjon.

- Eg har inntrykk av at mange tenkjer at dei kan finne den perfekte relasjonen i staden for å bygge han. I tillegg blir det jo kjedeleg, da, om ein finn den «perfekte» matchen. Eg trur vi er ein forvirra generasjon, seier skodespelaren.

Han oppfordrar folk til å vere litt modige. Sjølv gjekk han i den same baren kveld etter kveld fordi han likte ho som stod på andre sida av disken. Men å ta kontakt torde han ikkje.

- Til slutt sa ho sånn: Hey yo! Kva skjer? Du er jo her heile tida! Og så blei det oss da, seier han og ler.

- Likar du nokon og synest dei er kule. Så køyr på. Trynar du, så er det ein del av gamet. Du lærer noko nyttig av det også. Alle har godt av å ha opplevd at livet har banka deg litt, lyder oppmodinga frå Deniz.

Men no skal han sjølv gi seg i kast med det han er redd for, nemleg dikta til Shakespeare.

– Det er på tide å møte den frykta no.

Oh Love. Higher Love. Who's Gonna Love You.

Få set ord på kjærleiken som artist Emilie Nicolas. Og for nokre låtar ho har gitt oss.

Tekst: *Ida Michaelsen* **Foto:** *Lasse Fløde*

Låtar om komplisert, stormfull og inderleg kjærleik. Om endelaus, rotete, sviktande og skjør kjærleik. Om det meste, eigentleg, som kjærleiken kan romme. Da regissør Johannes Holmen Dahl skulle finne komponist til Shakespeares kjærleikskomedie *Ein midtsommarnattsdraum*, var han ikkje i tvil om kven han skulle spørje.

– Emilie Nicolas er ein heilt unik artist og låtskrivar. Ho er utruleg dyktig til å skape originale melodilandskap og stemningar, og har ei heilt eiga evne til å bruke stemma si på nye og overraskande måtar. Det musikalske uttrykket passar veldig godt med det eg assosierer stykket med, som handlar mykje om forelsking og kjærleik, men også om erotikk og attrå. Og ikkje minst om korleis kunsten kan ha ei forførande kraft, korleis han kan vekkje kjensler og begjær, men også brukast til å påverke og manipulere andre menneske. Musikken treffer svært godt det eg ønskte meg, samtidig som ho kom inn i samarbeidet med tydelege, eigne idear.

Emilie Nicolas debuterte med albumet *Like I'm a Warrior* i 2014 og markerte seg med det same med den særeigne stemma, beatsa og forma si. Albumet kom med eit knippe knallsterke låtar, der songar som *Nobody Knows*, «fikk voksne pendlere til å bryte sammen i gråt over bilradioen, og som ble et umiddelbart gjennombrudd for en artist som da beveget seg et sted mellom jazzen, elektronikaen og kunstpopen», ifølgje ein kulturredaktør i hovudstadspressa. For dette albumet fekk ho to Spellemannsprisar, som årets nykommar og årets popsolist. I tillegg blei ho nominert til Nordic Music Prize for albumet og som årets liveartist i P3 Gull.

Produktiv

Det vanskelege oppfølgjaralbumet kom i 2018 etter ein sjukdomsperiode, og med *Tranquille Emile* styrkte ho for alvor posisjonen som ein av landets mest lovande og nyskapande artistar. Berre to år seinare var ho der igjen, med *Let Her Breathe*, som for mange blei sjølve lydsporet til ein periode der vi var tvinga til å halde oss heime og der kulturopplevingane kom frå stereoanlegga eller skjermen. Også dei to siste albuma har det vore kasta nominasjonar og prisar etter.

Da ho i mars 2024 entra Operaens hovudscene – to utselde konsertar – med songar frå heile karrieren var det nettopp Johannes Holmen Dahl og Nia Damerell som spøkte i kulissane. Og dette spede samarbeidet var kanskje kimen til det som snart skal skje på Hovudscenen på Det Norske Teatret.

Komponerer lydsporet

Emilie Nicolas vil ikkje sjølv stå på scenen, men komponerer lydsporet til forviklingskomedien der romantisk leik skal dominere. Unge kjærastar, magiske alvar, begjær og kjærleik, men også tvang og hemmelege forbindingar, lidenskap og raseri. Alt dette møtest og skal spele seg ut i skogen gjennom ei heftig natt.

Emilie Nicolas har tatt utfordringa, og regissør Johannes Holmen Dahl er overtydd om at dette vil setje eit særpreg på framsyninga.

Reint og enkelt

– Eg har fått nokre skisser, musikken er veldig enkel og rein. Nydeleg, rett og slett. Det er litt av ei kjensle å få noko i fanget og tenkje beint fram at «fader, dette får ho jo så sjukt godt til». Det blir gøy å sjå korleis dette vil prege og ramme inn framsyninga, seier Johannes Holmen Dahl.



Barne-teater inntar Scene 3

Denne sesongen er det barneteater som rår på teaterets minste scene. Feil Teater har flytta inn på Scene 3 og sørger for teater for dei yngste alders-klassane gjennom heile teateråret.

Feil Teater sprang ut av eit kull frå skodespelarutdanninga i Nord-Trøndelag. Dei har sidan oppstarten i 2015 undersøkt korleis teater kan tilpasse seg forholda kring seg. Ein gjeng med arbeidssugne skodespelarar kopla saman med unge teaterskaparar har etter kvart blitt til kompaniet Feil Teater. Gjengen har vist seg å ikkje vere redd for å teste nye forteljarformer, alter-native spelestader eller utradisjonelle publikumsgrupper. Dei blei raskt lagt merke til, ordet begynte å gå, og i 2023 fekk framsyninga *Nordpolen Magiske Trikketransport* Heddaprisen for beste barneframsyning.

Heideren stoppa ikkje der. *Agentene og det sjukt farlige oppdraget* blei tinga til 20-årsjubileet for Unge Viken Teater. Dei feira eige 10-årsjubileum i 2025, blei hedda-nominert for *Flukten fra Botsen* same året og fekk både driftsstøtte og kunstnarpris av Oslo kommune. No spør det store kunstnarkollektivet Feil Teater seg sjølv: Kan noko toppe å overta Scene 3 for å lage barneteater i ein heil sesong?

Det gjenstår å sjå. Førebels trekker dei fulle hus på *Frankenstein* som har som mål å skremme både store og små. Dei neste premierane frå Feil Teater er *Den perfekte premieren – og det som vart litt dumt* og *4000 meters djup*.





Hausten 2026 flytta teaterkompaniet Feil Teater inn på Scene 3. Der skal dei vere i eit heilt år og lage teater for barn, og neste ut er *Den perfekte premieren – og det som vart litt dumt*.
FOTO: EILIF FJELD TEISBO

Den perfekte premieren – og det som vart litt dumt

AV
FEIL TEATER

URPREMIERE
19. NOVEMBER

I *Den perfekte premieren (og det som vart litt dumt)* inviterer Feil Teater til ei interaktiv vandreframsyning rundt om på heile teaterhuset. Bakteppet er ein sensasjonell verdspremiere som tek ei uventa vending. Publikum må bli med inn bak kulissane for å løyse eit spennande mysterium.

I rom ein vanlegvis ikkje får sjå – bak scenen, i verkstader og rekvisittlager – får publikum eit unikt innblikk i maskineriet bak eit av Noregs største teater.

4000 meters djup

AV
FEIL TEATER

URPREMIERE
30. JANUAR 2027

Ei natt forsvinn ein pappa ut i mørkeret, ned i djupet og blir borte. Tilbake sit ein gut med mange tankar. Var det hans feil? Har pappa blitt slukt av ein kjempeblekksprut? Eller tenk om han framleis finst der nede ein stad, og vi kan fiske han opp med Troika på kroken?

4000 meters djup er ei reise ned til havdjupet, til mystiske skapningar og gløymde skattar. Det er ei historie om skuldkjensle, om gullfiskar som har blitt skylt ned i do og om å kunne vere glad sjølv om noko er vanskeleg.

Vestavind

Av og til lengtar Thea Lambrechts Vaulen heim til Vestlandet. Men i skodespela til Arne Lygre føler ho seg heime.

Av: *Erlend Tårnesvik Dreiås* **Foto:** *Magnus Skrede*

På ein måte er det litt paradoksalt, for det absolutt kjedelegaste Thea Lambrechts Vaulen kan tenkje seg, er å pugge tekst. Det høyrer med til skodespelarjobben, men det er ikkje gøy. Når teksten først sit, er det nokre tekstar som likevel blir sittande.

Tid for glede av Arne Lygre er ein av dei. Det er fleire år sidan Thea spelte i den framsyninga, men framleis kan replikkar dukke opp. Heilt ut av det blå. Nokre ord som blir sagt, og plutseleg er ho tilbake.

– Kor har eg høyrt det før? Jo, det var ein replikk frå *Tid for glede*, ja. Det er som at teksten blir verande, fordi han kom så nære. Ein del av han kan eg framleis hente opp. Han har sett seg i beinmergen min.

Thea veit at teater kan verke sånn. At enkelte opplevingar kan sette seg i kroppen. Framsyningar som snakkar hennar språk, der ei setning treffer som eit knyttneveslag i magen.

Til våren skal ho inn i det nyskrivne stykket *Lengt*. Det er tredje framsyning skriven av Arne Lygre som Thea speler i. Tredje gong ho skal meisle ut ei rolle for første gong.



Tid for glede (2022) var ein kritikar- og publikumsuksess og Theas første møte med dramatikaren Arne Lygre. FOTO: PERNILLE SANDBERG

Det relasjonelle

Sjølv om ho førebels berre har hatt eitt aller første møte med *Lengt*, har prosessen allereie begynt. Denne fasen av arbeidet liker ho godt. Når alle møtest for første gong og les gjennom manuset med låge skuldrer. Det er lenge til premieren. Ho berre gler seg til å gå inn i stoffet og tenkjer at dette kan bli kva som helst.

– Rolla eg skal spele er på min alder, rundt tretti år. Ho har vore gjennom noko traumatisk, og ho sit fast, utan å vite korleis ho skal komme seg vidare.

Som alltid hos Lygre handlar det om relasjonar. Korleis vi menneske har det med kvarandre. Denne gongen er det forholdet mellom rolla til Thea, og tanta hennar, som blir spelt av Ane Dahl Torp. Historia utspeler seg i løpet av ein kveld der fire vennar frå barndommen møtest. I løpet av handlinga er det både tilbakeblikk og scenar som peiker fram i tid.

– Det er alltid spanande å møte ein tekst for første gong. Delar av rolla kan eg kjenne meg igjen i. Andre ting ikkje. Ho kan nok vere litt kvass, skyv folk vekk sjølv om ho eigentleg ønskjer nærleik.

Lengt blir også første gong Thea skal spele Lygre på Scene 2. Dei to tidlegare framsyningane, *Tid for glede* og *Ikkje ein lyd*, var på Hovudscenen. Ho gler seg til å teste det meir intime formatet ein mindre scene gir, kva rommet gjer med sjølve teksten og opplevinga av han.

> *«Når eg står på scenen har eg ei kjensle av at alt kan skje.»*

Det familiære

Thea Lambrechts Vaulen kjem frå Solund. På ei øy ytst i Sognefjorden, med Nordsjøen rett utafor, vaks ho opp. Det er ein liten stad, med berre nokre få hundre menneske spreidd over fleire øyer. Det fanst ikkje kulturskole der, men da ho var 8-9 år var det nokre eldsjeler som starta ei teatergruppe, mora var blant dei. Det blei Thea sitt første møte med teateret.

– Eg er yngst i ein søskenflokk på tre, med to storebrør. Eg har nok alltid måtta skrike litt høgt for å få merksemd. Finne mine eigne vegar. Sjølv om eg var sjenert, så var det som at eg blei litt fri på scenen.

Da ho skulle begynne på vidaregåande, var det fem timar med bil unna. Men i Sandane i Nordfjord hadde dei dramalinje, så da måtte det blir sånn. Thea flytta heimanfrå og inn på hybel. På vidaregåande møtte ho lærarar som hadde trua på henne, og Thea forstod at det faktisk var mogleg å jobbe som skodespelar. Det fanst til og med ei

Lengt

AV
ARNE LYGRE

REGISSØR
SIGRID STRØM REIBO

URPREMIERE
30. JANUAR 2027



utdanning for det. Etter kvart kom ho inn på Teaterhøgskolen, og flytta til hovudstaden.

Sidan 2021 har ho jobba ved Det Norske Teatret og spelt ei lang rekke roller. Før ho sjølv blei skodespelar, tenkte ho at skodespelarar hadde full kontroll på alt når dei stod på scenen. No veit ho at det ikkje er tilfelle. Iallfall ikkje for henne.

– Når eg står på scenen har eg ei kjensle av at alt kan skje. Mange ulike komponentar speler inn og påverkar dynamikken i framsyninga. Det gjer at kvar kveld er ulik, uføreseieleg. Det er jo det som gjer det spennande, men også ganske nervepirrande.

For Thea må det bety noko, det ho gjer på scenen. Ho må vere påskrudd og emosjonelt investert. Rundt premieren på eit nytt stykke kan derfor skuldrene bli litt høge. Men når ho har komme eit stykke ut i ein speleperiode, pustar ho igjen lettare. Da tør ho ta litt større risiko. Da kan nye ting skje og ho kan oppdage nye sider ved karakteren ho speler.

Det nostalgiske

Thea har slått seg til ro med at ho er ein nostalgisk person. Ho kan lengte etter ei svunnen tid, eller tilbake til staden ho er frå. Eller at det plutseleg dukkar opp ein gammal replikk frå ei framsyning som ikkje finst lenger.

– No er eg litt over tretti år, og i ein prosess der eg prøver å godta at det å lengte er ein del av tilværet. Det er ikkje noko eg må fikse.

Men i Arne Lygre sine tekstar finn ho også kjensla av noko kjent. Han kjem frå Vestlandet, som henne, og det er noko i tekstane hans som 'hit close to home' for henne. Det handlar om språket, setningsoppbygginga, kva tid han plasserer orda, kva ord som blir brukt. Men så er det også noko med lynnet i tekstane hans som er familiært for Thea.

– Tekstane til Arne er poetiske, samtidig som det er kvardagsspråk. Han skriv setningar som rommar mykje meir enn det som eigentleg blir sagt.

Thea tenkjer at det er umogleg å ikkje kjenne seg igjen i tekstane hans. Gjennom stykka til Arne Lygre forstår ho andre rundt seg. Eller ho kan oppdage ting ved seg sjølv. *Tid for glede* var ei sånn oppleving. Ei framsyning som framleis kan dukke opp i henne, heilt plutseleg. No er det ein ny karakter som begynner å ta bustad i henne. Spørsmålet er kor lenge han blir sittande i.

Om korfor Fraulein Schneider har ROSA HÅR

Eg hadde spelt ei av jentene i Kit Kat Klub i badedrakt, nettingstrømper og med blomst på hovudet på Rogaland Teater for 33 år sidan, men trudde vel framleis at eg var i førtiåra, og kunne ikkje sjå for meg at det kunne vere noko i *Cabaret* som passa for meg. Det gråhåra gamle paret? Hadde åra verkeleg rast så fort? Men der var det ei interessant dame. Og ho var i sekstiåra. Fraulein Schneider.

Tekst: *Gjertrud Jynge* *Foto: Fin Serck-Hanssen*

Eg googla. *Cabaret*. Originaloppføringa, Broadway.

1966. Året eg vart fødd. 60 år sidan no. Originalcasten;

Fraulein Schneider… Lotte Lenya.

Lotte Lenya!

Lotte Lenya!!!

Då var det jo ei meining med det!

Lotte Lenya, som song *Sjørøvarjenny* i 1928 då *Tolvskillingsoperaen* hadde urpremiere på Theater am Schiffbauerdamm!

Verdskjend songarinne og skodespelar, gift med komponisten Kurt Weill, og som måtte flykte til USA før krigen, og der laga seg ei ny karriere på Broadway, ei dame mange har gløymt, og det berre er om du seier "ho russiske skurken med kniv i skoa frå James Bond", at du får til svar «Å, ho ja». Ho var jo verkeleg skummel. Har du sett filmen, gløymer du ho ikkje.

Mamma rakk å fortelje mange gonger historia om då ho møtte Lotte Lenya på fest heime hos storesøstera i Tyskland. Lotte Lenya var på besøk frå USA, og heile den radikale kultureliten laga fest for å feire henne. Og festen var heime hos tante Dagrun.



Den tyske teaterlegenda Lotte Lenya spelte Fraulein Schneider i originaloppsetjinga av *Cabaret* på Broadway i 1966.
FOTO: DON HUNSTEIN

Det var noko med eit sjalusidrama, nokon hadde låst seg inne på eit toalett. Mamma var ei ungjente frå Stranda på Sunnmøre, og gjorde store auge. Den første store utalandsreisa. Og her var ho på fest med mange kjende folk. Forfattarar, kunstnarar. Politisk engasjerte folk. Høglytte diskusjonar. Lotte Lenya, venninna til Dagrun, var fin å prate med. Ei artig dame med eldraudt farga hår og knallraude strømpebukser. Ho skjøna vel at det var mykje å ta inn for ei ungjente frå nord. Den raudhåra dama gjorde ikkje noko nummer av å vere eit ikon.



Gjertrud Jynge og Lotte Lenya er begge fødd 18. oktober, med 68 år mellom dei. No spelar Gjertrud rolla i *Cabaret* med ein homage til den tyske stjerna.

Som ein del av kulturell utveksling og forsoningsarbeid etter andre verdskrigen hadde tante Dagrun reist til Tyskland med eit studentteater frå Noreg. Der vart ho kjend med ein tysk student, som seinare blei ein verdskjend forfattar, Hans Magnus Enzensberger, dei gifte seg, fekk ei dotter, og Dagrun hadde budd i Tyskland nokre år då elleve år yngre mamma i 1961 kom på besøk for å passe tantebarnet sitt.

Begge dei to søstrene bar på ein draum om å bli skodespelar. Mamma





Tanta til Gjertrud, Dagrun Kristensen, var venninne med Lotte Lenya og høyrde til den radikale kultureliten i Tyskland i 1960-åra. FOTO: PRIVAT



Mora til Gjertrud, Grete Kristensen, bar også på ein skodespelardraum og fekk eit skjelsettande møte med Lenya som ungjente. FOTO: PRIVAT

søkte teaterskolen dette året, ho fekk lese med skodespelar Ola B. Johannessen. Men kom ikkje inn.

Planen til Dagrun var å bli regiassistent for Bertolt Brecht på Berliner Ensemble, men då han døydde i 1956 var kona hans, Helene Weigel, usikker på framtida, dei hadde eit møte, men regiassistent-planen stranda der.

Etter at Dagrun skilde seg, var ho i 1967 med på å stifte eit politisk kollektiv i Berlin, «Kommune 1», der dei eksperimenterte med andre måtar å leve på, det private var politisk, kjernefamilien var borgarleg og kvinneundertrykkande. Fridomen til å leve annleis vart prøvd ut, ikkje utan kostnader, og ikkje utan å provosere samfunnet rundt.

Ho vart då óg utvist frå Tyskland etter å ha vore med på å planlegge ein mjølbombeaksjon , «pudding-aksjonen», mot den amerikanske visepresidenten Hubert Humpfrey.

Og slik går historia att og fram. I musikalen *Cabaret* møter vi i 1929 eit Berlin der det framleis er stor fridom, det var lov å vere annleis, politisk fridom, høg toleranse for mangfaldet i seksuell legning, stor takhøgde for det menneskelege. Før det kjem eit brått stemningsskifte i 1930 med åtaket på fruktbutikken til Herr Schultz, og Fraulein Schneider bryt trulovinga.

I den verkelege verda sit Hitler med makta tre år etter. Og det kjem ein ny verdskrig. Den same verdskrigen som seinare er grunnen til at tanta mi reiste til Tyskland med student-teateret for å vere med på å bygge bru over gamalt hat. Og der ho sjølv nokre år seinare fekk kjenne på kvar grensa for ytringsfridomen gjekk.

Dei har gått ut av tida no, både søstrene med skodespelardraumen og den raudhåra dama med den store stemma, men eg trur at Lotte Lenya ville gledd seg over at tantebarnet til Dagrun låner rolla 60 år etter at ho spela Schneider for aller første gong - og som óg, i ein homage til henne, har farga håret nokre nyansar raudt.

DET NORSKE TEATRET


Aksel Almaas


Amalie Ibsen Jensen


Amanda Hedvig Lie Strand


Ameli Isungset Agbota


Amell Basic


Ane Dahl Torp


Astin Souleymane



Carl Martin Eggesbø


Charlotte Frogner


Christian Ruud Kallum


Deniz Kaya


Didrik Hagberg


Eline Hundstad Haugen


Ellen Birgitte Winther


Elpida Stojcevska


Emil Johnsen


Espen Bråthen Kristoffersen


Frank Kjosås


Frode Winter


Gard Skagestad


Geir Kvarme


Gina Gørvell


Gjertrud Louise Jynge


Hallvard Holmen


Heidi Gjermundsen Broch


Hibba Najeeb


Hilde Olausson


Ina Svenningdal


Ingeborg Raustøl


Ingrid Jørgensen Dragland


Iren Reppen


Isabell Sterling


Jae Nyamburah


Jenny Mueni Ndunda


Joachim Rafaelsen


Johan Hveem Maurud


Jon Bleikli Devik


Julie Moe Sandø


Kaia Varjord


Ken-Philippe Tete


Khalid Mahamoud


Kirsti Refseth


Kjersti Dalseide


Kjersti Tveterås


Kyrre Hellum


Lasse Kolsrud



Malik Edo


Marianne Krogh


Marie Blokhus


Mathias Augestad Ambjør


Mimmi Tamba


Mohammed Aden Ali


Morten Svartveit


Nader Khademi


Nami Kitagawa Aam


Natalie Bjerke Roland


Oddgeir Thune


Paul-Ottar Haga


Preben Hodneland


Pål Christian Eggen


Rafid Islam


Randin Kummeneje

Skodespelar-oversyn

Når lyset går ned i salen,
er det dei som tek over.
Her er ensemblet som skal
få deg til å le, gråte og halde
pusten gjennom sesongen
haust 2026 – vår 2027.


Sara Khorami


Sebastian Skytterud Myers


Serhat Yildirim


Sigrid Husjord


Silje Lundblad


Svein Roger Karlsen


Thea Lambrechts Vaulen


Tord Kinge


Vanja Kern Vestenfor


Vetle Bergan


Yusuf Toosh Ibra


Øyvin Berven







Hovudscenen

Søstrene
AV *Jonas Hassen Khemiri*
Spelar vidare

Cabaret
MANUS *Joe Masteroff*. MUSIKK: *John Kander*.
SONGTEKSTAR: *Fred Ebb*.
Spelar vidare

Dommedaggry
AV *Lisa Lie*
Premiere 28. november

Juleroser
AV OG MED *Herborg Kråkevik*
Premiere 12. desember

Ein midtsommarnattsdraum
AV *William Shakespeare*
Premiere 23. januar 2027

Ånglagård
Colin Nutleys Ånglagård, musikalen.
MUSIKK & SONGTEKSTAR AV *Fredrik Kempe*.
MANUS AV *Edward af Sillén & Daniel Réhn*.
Noregspremiere 5. mars 2027

Pippi på sirkus
AV *Maria Blom, Björn Ulvaeus & Tilde Björfors*. BASERT PÅ BOKA PIPPI LANGSTRØMPE AV *Astrid Lindgren*.
Nypremiere 16. april 2027

















Scene 2

«Gutta»
AV *Even Torgan, Tine Skjold, Even Vesterhus og Oda Radoor*
Spelar vidare

Ei rosin i sola
AV *Lorraine Hansberry*
Noregspremiere
13. november

Husjomfru
AV *Edvard Hoem*
Oslopremiere
3. desember

Lengt
AV *Arne Lygre*
Urpremiere 20. januar 2027

Da vi var yngre
AV *Oliver Lovrenski*
Spelar vidare

Haugtussa
AV *Arne Garborg*
Spelar vidare

Scene 3

Den perfekte premieren (og det som vart litt dumt)
AV OG MED *Feil Teater*
Premiere 19. november

4000 meters djup
AV OG MED *Feil Teater*
Premiere 30. januar 2027

Frankenstein
AV OG MED *Feil Teater*
Spelar vidare



Foajeen

Unni og Gunni målar
AV *Anna R. Folkestad*
Nypremiere 31. oktober





DET NORSKE TEATRET

DET NORSKE TEATRET, KRISTIAN IVS GATE 8, 0164 OSLO
BILLETTBESTILLING: KJØP BILLETT PÅ NETT ELLER RING 22 42 43 44

detnorsketeatret.no

netnordic OBOS